

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

wytt

Nr. 2 • 2019

24. årgang



God jul!

Ordføraren har ordet

Denne gongen fell det meg naturleg å helse dykk alle med det eg sa frå talarstolen i kommunestyresalen 17. oktober, like etter eg var vald til ordførar også for dei komande fire åra:

«Gode kommunestyrerepresentantar, og ikkje minst gode innbyggjarar i Luster kommune! Eg vil fyrst takke for tilliten veljarane i Luster har synt meg i dette communevalet. Det set eg svært stor pris på; det er inspirerande og ei stor glede å få oppleve. Å få vere med å utvikle samfunnet i denne fantastisk flotte kommunen vår er eit stort privilegium. Sjølv om det ofte er lange dagar og lange arbeidsveker, og eg innimellom er lite å sjå heime, er det å vere ordførar i Luster ein veldig kjekk jobb. Samstundes kjenner ein på ansvaret veljarane også har gjeve meg, ansvaret for å framleis halde den positive utviklinga me, på trass av store utfordringar i distriktsnoreg, alt har hatt her i Luster. Ansvaret for at me gir alle innbyggjarane dei beste tenestene, tenestene dei har krav på. Men med godt samarbeid mellom oss politikarar her i kommunestyresalen, godt samarbeid mellom kommunestyret og administrasjonen, og ikkje minste godt samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane i Luster, skal dette gå veldig bra.

Gode kommunestyrerepresentantar!

Gratulere til dykk alle som folkevald i Luster kommunestyre. Gjennom val har innbyggjarane i kommunen vår gjeve oss tilliten, fullmakta og ansvaret for å ta avgjerder på vegne av alle lustringar. Det er ein tillit me skal vere stolte av og ein tillit me skal bere med respekt, aktsemd og ansvar. Å delta på eit kommunestyremøte er litt høgtidsamt, litt alvorleg og med litt strenge faste rammer rundt. Slik skal det også vere når ein tek avgjerder på vegne av andre. Samstundes vil eg som ordførar dei komande fire åra legge stor vekt på godt samarbeid i kommunestyret, gjerne med ein munter tone partia i mellom. I mine auge er dei beste politikarane dei som klarar å argumentera for sitt syn utan å rakke ned på mot-debattanten. Med respekt for partia og oss representantar i mellom, får me den gode politiske debatten og dei beste vedtaka for lusteringane.

Så vil eg gjerne få komme med ei ekstra velkomsthelsing til dykk som møter som kommunestyrerepresentant for fyrste gong. Å møte for fyrste gong i kommunestyret er ei spesiell oppleving, i alle fall var det det for meg, då eg omrent på dagen i dag for 20 år sidan møtte fyrste gong som fast representant. Det vert ei litt bratt læringskurve i starten med å sette seg inn i system og saker, men først og fremst er det ein flott og unik mulighet å få påver-



ke utviklinga i samfunnet slik ein sjølv brenn for. De vil nok av og til tenkje at sakene går litt seint og at prosessane er lange. Frå ein god politisk ide kjem opp til ein har fått vedteke det her i kommunestyre kan det ta lang tid, det tykkjer til og med eg. Men når ein har fått det vedtaket for den hjartesaka ein har arbeidd for lenge, er det ei veldig god oppleving. Ein vil då kjenna tida i kommunestyret som viktig og meiningsfull.

Til slutt vil eg gjerne få sitere eit av mine store politiske forbilde, Anne Enger, som stod opp i EU-kampen mot heile den norske makteliten av politikarar, presse og næringsliv. Ho sa til meg ein gong at det viktigaste som folkevald er - ho brukte eit sitat som ho hadde lånt, trur eg: *«fastheit i det sentrale, friheit i det perifere og kjærleik i alt»*. Så til oss i kommunestyret er det viktig å ha fastheit i dei sentrale retningane i kommunen, det gjev truverde og er føreseieleg. I det perifere skal me vere rause, ha fridom og tenkje dei store tankane. Men viktigaste av alt er kjærleik til heimstaden vår, til bygdi vår, til kommunen vår og innbyggjarane våre!»

God jul!

Ivar Kvalen
ordførar

Rådmannen har ordet

Kraftinntekter og kraftskatt

Inntektene frå vasskrafta er heilt avgjerande for slik me ser Luster kommune i dag. Utan desse vil det ikkje vere grunnlag for å vere eigen kommune. Brutto så snakkar me om inntekter mellom 100 og 130 million kroner pr år, noko varierande frå år til år vesentleg med bakgrunn i variasjon i straumprisen.

Denne hausten er desse inntektene og kraftskattetoopplegget sett under lupa ved at eit ekspertutval har kome med ei tilråding om ei dramatisk omlegging med å avvikle dei kommunale ordningane, skattlegge via statleg grunnrenteskatt og ev kompensere kommunane på anna vis via «inntektssystemet.» Ulike reknestykke syner at Luster netto vil kunne tape mellom 50 og 75 millionar årleg.

Kraftkommunane og mellom dei Luster er sjølvsgåt sterkt imot ei slik endring. Det vil bryta fundamentalt med historiske rettar og redusere kommunane sin rolle i forvalting av kraftressursane.

Me snakkar om tre-fire ulike ordningar som gir kommunale inntekter. Det er konsesjonsordningane, dvs avgift og disponering av konsesjonskraft, eigedomsskatt og naturressursskatt. Konsesjonsavgifta er betaling for løyve til å disponere vasskraftressursar i kommunen, for Luster vel 15 million kroner pr år. Frå desse løyva er det og slik at kommunen får disponere inntil 10 % av krafta, dog avgrensa tilsvarande kommunen sitt allmennforbruk. Denne krafta driv kommunen butikk på og siste ti-året har gevinsten til Luster kommune svinga mellom 3,5 og 20 million kroner pr år. Eigedomsskatten er i utgangspunktet 7 promille av verdien på kraftverka til ein kvar tid. Desse har og variert mellom 40 og 60 million kroner siste 10-året. I tillegg betalar kraftverka ein naturressursskatt pr kWh. Denne skatten vert ikkje rekna som lokal inntekt og den vert samordna gjennom inntektssystemet slik at netto utbyte av denne skatten er vesentleg mindre enn dei vel 30 millionane som ligg i bruttoinntekta. Med unnatak av eigedomsskatten, som er pressa frå andre kantar, så vert det tilrådd å avvikla ordningane som gir kommunale inntekter.

Eit poeng i saka som er viktig å følgja opp er å skape incitament til å få fram og gjennomføre



investeringar som fornyar og vidareutviklar vasskraftverka. I eit fornybarperspektiv er dette avgjerande viktig og då må kommunane medverka positivt for å få dette til. Med å rasere dei kommunale ordningane så vil ein ha eit svært dårlig utgangspunkt. Det må derfor utviklast andre løysingar som kan få fram desse utbyggingane både nye og renoveringar – det vil og vere i Luster kommune si interesse, me har fleire slike på vent i kommunen.

Saka om omlegging av kraftskatten har fått stort fokus og heldigvis og stor motstand. Slik sett er det å håpe at framlegga vert lagt vekk og me trur det er eit realistisk håp for det. På den andre sida er ordningane sett litt i spel med dette framlegget, deler kan bli gjennomført, og me må bu oss på at nedsida fort er større enn oppsida. Dette er ei sak og utvikling me må følgja nøye. Gode kraftinntekter er og vil vere ein heilt avgjerande viktig føresetnad for Luster kommune i åra framover.

Jarle Skartun
Jarle Skartun
rådmann

Dronning Sonja opna nye Tungestøle

H.M. Dronning Sonja vert teken imot av Kasper Nes (6 år) og Tobias Fåberg (6 år) frå Veitastrond skule. Blomsten som vart overrekt H.M. Dronning Sonja var laga av Pyramiden Blomster. Vertskap for H.M. Dronning Sonja var Veitastrond Bygdelag v/Asbjørn Nes og Luster Turlag v/Ole Schanke Eikum.
Foto: Erling Kvalsøren.



Fredag 6. september opna Hennar Majestet Dronning Sonja den nye turisthytta på Tungestølen, åtte år etter at uvêr knuste hytta til pinneved.

Natt til 2. juledag 2011 herja ekstremvêret Dagmar på Vestlandet. Berre grunnmur og pinneved var att av den 101 år gamle turisthytta morgonen etter. Men grunna ein heilt utruleg innsats

frå Luster Turlag gjorde at me igjen har kunne sjå ei turisthytte på Tungestølen, om enn i ein heilt anna arkitektur enn den gamle. Det var arkitektkontoret Snøhetta som vann konkurransen om å gje turisthytta nytt liv, og den nye hytta er tilpassa naturen rundt og skal kunne stå støtt i framtidige stormar.

Den 6. september kunne Luster

Turlag og Veitastrond bygdelag invitere til offisiell opning, med ingen ringare enn Dronning Sonja som snorklippar. Og saksa ho brukte var den same som tidlegare fylkesmann Nikolai Schei brukte under opninga av Veitastrondsvegen i 1956. Dronninga vart ønskt velkommen av Ole Schanke Eikum, styreleiar i Luster Turlag, og



I starten song elevar ved Veitastrond skule "Bind deg ein blomekrans". Foto: Erling Kvalsøren.



"Dronningtribuna". Bak frå venstre: Assisterande fylkesmann Gunnar Hæreid, statsekretær Atle Hamar, ?, og politimeistar Kåre Songstad. Framme frå venstre: ordførar i Luster Ivar Kvalen, leiar i Luster Turlag Ole Schanke Eikum, H.M. Dronning Sonja, og leiar av Veitastrond Bygdelag Asbjørn Nes. Foto: Erling Kvalsøren.

en turisthytte



Asbjørn Nes, leiar i Veitastrond bygdelag. Under opninga fekk dei mange frammøtte høyre frå initiativtakarar og samarbeidspartnarar og sjå kulturelle innslag med dans, diktlesing og song.

Det var ikkje første gong Dronninga besøkte Tungestølen. Under opninga vart det vist lysbilete frå brevandringa til Dronninga i 1988. Den gongen gjekk turen frå Tungestølen til Briksdalen, via Austerdalsbreen og Kvitesteinsvarden. Kjem fleire bygningar

Den spesielle DNT-hytta er ikkje heilt ferdig enno. Ho består av totalt ni bygningar, slik at ho kan byggast i fleire trinn. No er fire bygningar på plass, men styreleiar Eikum håpar at også dei fem siste skal koma på plass etter kvart.



Kjetil Trædal Thorsen (Snøhetta) og Hans Harald Nes (entreprenør Hans Nes Bygg AS) fekk æra av å strekke opp bandet som må klippast for den offisielle opninga av Nye Tungestølen Turisthytte. Foto: Nils Øveraa.



Leiar i Veitastrond Bygdelag gjev ei orientering til H.M. Dronning Sonja om kva ein ser av fjell og brear innover Langedalen. Foto: Erling Kvalsøren.



Nye Tungestølen Turisthytte ligg høgt og fritt, omkransa av brear og fjell. Foto: Erling Kvalsøren.

Marta Kristina Grøteig 100 år

Torsdag 31. oktober var eg så heldig å få delta i 100-årsdagen til Marta Grøteig, ein sprek 100 åring tok imot familie og ordførar med gode kaker og kaffi. Marta er fødd og oppvaksen som eldst av 6 sysken på garden Yngsdalen sør for Veitastrondsvatnet. Slik det var vanleg på den tida, måtte Marta og syskena tidleg ta del i gardsarbeidet. Alt som ung jente hadde Marta ansvaret for stødlinga på fjellstolen i Yngsdalen, eit ansvar ho hadde heilt fram til 1950. På bursdagen minnest Marta somrane på fjellstolen med stor glede, og sjølv om det var mykje tungt arbeid var det ei veldig fin tid. Marta vart seinare gift med



Jens Grøteig på Hillestad og har budd på gardsbruket der til ho fekk seg leilegheit på Hafsl omsorgssenter. Marta har 3 born, 12 barneborn og heile 13 oldeborn.

Marta har alltid vore sprek og aktiv, ho gjekk gjerne både ein og to trimturar for dagen til ho var langt over 90 år.

Eikum hotell 100 år

Eikum hotell har vore ei viktig bedrift på Hafsl, i Luster kommune og i Sogn i 100 år. Eikum hotell har vore viktig både som ei god servicebedrift i lokalsamfunnet og ei turistbedrift som tek mot gjester frå både fjern og nær. Eikum har vore, og er ein god arbeidsplass for mange. Eikum er ei familiebedrift, no er det fjerde generasjon som styrer.

For ei bygd som Hafsl er det viktig å ha eit hotell som samlingsplass. Eit heilårsope hotell er med og gjev god bukvalitet i eit lokalsamfunn. Hafslobygdi og Luster kommune hadde vore fattigare utan Eikum.

Helga den 18. og 19. oktober var det feiring av hotellet både på fredag og laurdag: Gode ord, god stemning og god mat. Det vart og presentert ei ny bok om hundreåringen. Ei bok som i tekstu og biletene fortel ei interessant soge om både hotellet og bygda.



Familiebedrifta Eikum 100 år. Her står noverande hovudvert, Ståle Kjos-Wenjum med jubileumsboka, flankert av foreldra, Birger og Aud Kjos-Wenjum. Til høgre forfattaren av boka, Frode Olav Haara.

Under bordseta fredag delte ordføraren ut Det kongelege selskap for Norges Vel sin forteneste-medalje til Birger og Aud Kjos

–Wenjum. Det er ein medalje for lang og tru teneste.

Gratulerer!

Kommunestyret 2019 - 2023



Sitjande framme er formannskapet. Frå venstre: Geir Arve Sandvik (H), Morten Johan Hovland Vigdal (AP), Elin Hauge (AP), ordførar Ivar Kvalen (SP), varaordførar Marit Aakre Tennø (SP), Marianne Bugge (SP) og Knut Hauge (SP).


Andre rekke frå venstre: Ass. rådmann John Olaf Røhme, Ingår Norberg (H), Anja Irene Hilleren-Fåberg (SP), Anette Stegegerdet Norberg (AP), Gunn Beate Thorsnes Lefdal (AP), Beate Bondevik Lie (KRF), Ernst Veum (FRP), Grethe Kristin Leirdal (SP), Charlotte Alme Bringe (SP), Kåre Hønsi (AP), politisk sekretariat Anita Bjørk Ruud.

Tredje rekke frå venstre: Jørgen Lomheim Tang (SP), Olav Høyheim Einan (SP), Andreas Wollnick Wiese (SP), Ole Martin Bakken (SP), Jon Ove Lomheim (V), Bård Flattun Lilleeng (H), Per Steinar Sviggum (SP), Oddmund Løkensgard Hoel (SP), Lars Jørgen Kjærvik (AP)

Plan- og forvaltningsutvalet

Frå venstre:
Olav Høyheim
Einan (SP),
Charlotte Alme
Bringe (SP), Ole
Martin Bakken
(SP), Leiar
Grethe Kristin
Leirdal (SP),
Kåre Hønsi (AP),
nestleiar Gunn
Beate Thorsnes
Lefdal (AP), Bård
Flattun Lilleeng
(H)





Anders Bolstad, leiar

Kontrollutvalet 2019 – 2023

Anne Lise Haukadal SP
 Anders Bolstad AP
 Vivian Kvam AP
 Ernst Veum Frp
 Kjetil Melheim V
 Leiar: Anders Bolstad
 Nestleiar: Ernst Veum

Lustring i eldrerådet i Vestland fylkeskommune

Kristoffer Skjolden frå Gaupne er nyvald medlem i eldrerådet i Vestland fylkeskommune. Både Luster eldreråd og Luster pensjonistlag stod bak nominasjonen. I 2 periodar har han vore med i eldrerådet i Sogn og Fjordane og lokalt har han vore med både i eldreråd og lokalt brukarutval for samhandlingsreforma. Han har også vore med i brukarutval i Helse Vest. Han er engasjert og svært interessert i arbeidet. Me ynskjer lukke til med vervet.



Auke i folketalet

Folketal	pr. 01/01-00	5003	Folketal	pr. 01/01-15	5118
Folketal	pr. 01/01-01	4954	Folketal	pr. 01/01-16	5093
Folketal	pr. 01/01-02	4968	Folketal	pr. 01/04-16	5098
Folketal	pr. 01/01-03	4924	Folketal	pr. 01/07-16	5120
Folketal	pr. 01/01-04	4926	Folketal	pr. 01/01-17	5151
Folketal	pr. 01/01-05	4927	Folketal	pr. 01/04-17	5167
Folketal	pr. 01/01-06	4889	Folketal	pr. 01/07-17	5184
Folketal	pr. 01/01-07	4884	Folketal	pr. 01/01-18	5223
Folketal	pr. 01/01-08	4870	Folketal	pr. 01/04-18	5240
Folketal	pr. 01/01-09	4879	Folketal	pr. 01/07-18	5237
Folketal	pr. 01/01-10	4945	Folketal	pr. 01/10-18	5207
Folketal	pr. 01/01-11	5023	Folketal	pr. 01/01-19	5195
Folketal	pr. 01/01-12	5026	Folketal	pr. 01/04-19	5187
Folketal	pr. 01/01-13	5041	Folketal	pr. 01/07-19	5194
Folketal	pr. 01/01-14	5089			



Fullt hus på Eikum hotell på eldredagen. God svall ved borda.

Eldredagen

– med tyleprat og fotside bogadrag

I haust arrangerte eldrerådet og Folkeakademiet Luster tradisjonell eldredag på Eikum hotell. Nærare 130 møtte fram til ei triveleg stund med god underhaldning, kommunal informasjon og fortreffelig servering.

Leieren i eldrerådet, Johannes Lad, informerte om eldrerådet sitt arbeid. Malvin Moen, leiar i Luster pensjonistlag, takka for maten og samarbeidet med eldrerådet. Pensjonistlaget har ein eigen artikkkel her i Lustranytt.

Det er fint med buffet. Skikkeleg god mat, og så får du prate med fleire enn dei du sit attmed ved bordet.

Jens Brekke på trekkspel og Vidar Underseth på fele hadde eit interessant og morosamt program. I bakgrunnen ser me karane på «Lassabeinkjen» som løyer verdsproblema frå si bygd. Slike benker er sosiale møteplassar i fleire bygder. Jens Brekke fortalte fleire hestasoger.

- Hesten du selde meg, han dava han.
- So merkeleg. Da gjorde han no alder her hjå meg.

Det var m.a soger og song om Gjest Baardsen, Jacob Sande si diktning, Per Sivle stev, springar etter Sjur Heshevoll. Som publikum blir du tankefull og lattermild når dei to karane syng, spelar og fortel. Dei fekk stor applaus og mykje godord etter framsyninga.




Indre Hafslo spelemannslag har eit flott repertoar. Dei spelar til allsong og får oss til å tenkje attende til dansegolvet i yngre dagar. Frå venstre: Torodd Joranger, Olav Rygg, Steinar Teigen, Johannes Harberg og Arne Nesheim.



Ombygging og ny digital løysing i Sø

Vi legg no til rette for å møte innbyggjara-ne digitalt samstundes som vi skal jobbe smartare med å finne optimale arbeids-operasjonar. Til deg som ikkje er klar for digitale løysingar; her er framleis tilsette som skal hjelpe deg.



«Ja, eg har ein avtale». Då registrerer du i den digitale kommuneverten at du er komein, og sakshandsamar hentar deg. «Nei, eg har ikkje avtale» Du kan ev. gjere avtale direkte via kommuneverten, eller melde at du treng hjelp, seier stabsleiar sørvis- og driftstøtte Svein Sanden.

Bakgrunn

Det er eit mål i Luster kommune om å bli meir effektiv. Samstundes er det ei rivande utvikling med at meir og meir skal løysast digitalt. I Luster skal me få dette til ved å søkje utvikling og høgare kompetanse for å bli betre på bruk av moderne teknologi. Me skal legge til rette tenestene digitalt på ein brukarvennleg og enkel måte.

Regjeringa har gjort vedtak om at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen for forvaltinga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Gode digitale løysingar skal bidra til at innbyggjarane og næringslivet i større grad blir sjølvbetent.



Dei skal auke tilgjenge, gje raskare og enklare handsaming av saker og samstundes oppnå betre kvalitet i tenestene. Dette vil vere meir kostnadsefektivt også for Luster kommune på litt sikt. Det er framleis eit mål at innbyggjarane som vitjar rådhuset skal få god service og få møte kompetente og profesjonelle fagfolk. Vi er i ei omstilling der det blir gjennomført koordinerande intern opplæring innafor aktuelle tenesteområde. Ombygginga og den digitale tilnærming med ny besøksløysing gjev oss betre kontroll og sikkerheit. Dette er eit krav me må rette oss etter for å sikra at ikkje dokument og td. personopplysingar kjem andre til innsyn enn dei som skal ha informasjonen.

Avtale møte med sakshandsamar på rådhuset

Me ynskjer å legge til rette for deg som innbyggjar slik at du, før du kjem til rådhuset, kan avtale besøk hjå sakshandsamar. Det blir no høve til å tinga tid via heimesida til kommunen, eller du kan ringe på førehand og gjere avtale.

Ombygging og endringar ved besøk på rådhuset

Sørvistorget er bygd om. Du vil møte ein digital kommunevert like innanfor inngangsdøra.

Du som har ein avtale med sakshandsamar, kan då

sørvistorget

I tillegg til den digitale kommuneverten, sit det tilsette bakom luka som kan hjelpe deg. Her ligg det også til rette for at du kan lese avis og informasjonsmateriale medan du ventar på å bli henta av sakshandsamar.



trykke på knappen «ja, eg har ein avtale», du vel kven du har avtale med. Sakshandsamaren får ein melding at du er komen, og hentar deg i sørvistorget.

Her vil vere tilsette i sørvistorget som rettleiar deg.

Kan eg kome på rådhuset utan avtale?

Ja, det kan du. Mange som kjem på rådhuset i dag veit ikkje kven dei har behov for snakke med, men dei seier kva dei treng hjelp til og tilsette hjelper dei til rett sakshandsamar. I framtida kan du også bruke den digitale kommuneverten når du ikkje har avtale. Då kan du ev. få gjort ein avtale der og då, om vedkomande på saksfeltet er ledig, eller du kan trykke på knappen at du treng hjelp, og nokon i sørvistorget hjelper deg vidare. Me vil likevel anbefale deg å gjere avtale på førehand, slik at du slepp å gjere bomtur om den du treng å treffen ikkje er ledig.

Ventepllass med aviser og kommunal informasjon
Dersom du må vente før sakshandsamar er klar til å møte deg, håpar me at du finn deg til rette i sørvistorget til du blir henta. Du vil få tilgang til aviser og informasjonsmaterialet. Elles kan du drøyme

deg til tindane inni Turtagrø. Dei prydar no veggen i inngangspartiet i rådhuset.

Personvernreglar

Strengare reglar rundt personvernforordninga gjer at korridorane inn til sakshandsamarkontora er stengd. Sakshandsamarane våre kjem difor og hentar deg som har avtale.

Me er her for innbyggjarane

Nokon opplever at det blir vanskelegare å få snakke med sakshandsamarar på rådhuset. - Før kunne eg berre gå rett inn på kontoret til vedkomande.

Me skal framleis vere tilgjengelege og er det. Me håpar likevel du vil respektere at dei innbyggjarane som har søkt på tenester skal få søknadene sine handsama. Erfaringar syner at sakshandsaminga vår blir meir effektiv når deler av dagen blir skjerma for tilfeldige og uanmelde besøk.

Det kan vere litt startvanskar i omstillingstider. Me håpar at det skal gå seg til og ynskjer deg velkommen til og dei digitale løysingane i sørvistorget på rådhuset.

Demensprisen 2019 til Hafslo omsorgssenter



Utdelinga av Demensprisen 2019: F.v. Hilde Kristoffersen frå demensforeininga, Ruth Karin Kvam, Margrete Søhoel Røneid, Anne Grete Fredheim Bergum, Judith Gausdal og Marit Elin Horne Skjerven frå Hafslo omsorgssenter. (Foto: Bjørn Sølsnæs)

Kvar år kan det delast ut ein demenspris i kvart fylke. I år gjekk prisen til Hafslo omsorgssenter ved leiar Ruth Karin Kvam.

Leiar i demensforeininga i Sogndal, Luster og Leikanger, Hilde Kristoffersen, delte ut prisen. Ruth Karin Kvam tok imot på vegner av Hafslo omsorgssenter. Utdelinga fann stad på temakveld for demens på Kaupanger.

- Demensprisen er ein honnør for ein innsats utanom det vanlege, sa Kristoffersen, og lyfte fram omsorgssenteret sitt arbeid med mellom anna trimøkter, teaterramssyning og sosiale tilstelningar. Demensprisen skal gå

til ein «kvardagshelt» som kan vera ein enkelperson, ei gruppe menneske, ein institusjon eller eit dagsenter.

- Me opplever å møta ein institusjon som ser mogelegheiter framfor avgrensingar, som er open, imøtekommende og positiv. Slik me ser det, gjev de bebuarane lov til å fortsetja å leva liva sine, livet ut. Ja, til og med filminnspeling har dei heldige bebuarane dykkar teke del i. Då Jostedal helselag arrangerte ein særslig vellukka stølsdag saman med bebuarar og tilsette utanfor omsorgssenteret ein flott sommardag.

- Nasjonalforeningen for folkehelsa både på fylkes- og

lokalinivå tykkjer de er ein verdig vinnar av demensprisen 2019. Me takkar for den gode jobben de gjer, og håpar prisen skal inspirera til å halda fram det gode arbeidet med å utvikla omsorgssenteret, demensavdelinga og dagsenteret til beste for den enkelte bebuar, og i samarbeid med deira pårørande, sa Kristoffersen.

Nytt tilbod i Luster kommune: kvardagsrehabilitering

Kvardagsrehabilitering er eit nytt tilbod i Luster kommune frå hausten 2019. Det er ei tid-savgrensa teneste der ein trenar på daglege gjeremål heime hos deg eller i nærområdet ditt.

Målet er: Lengst mogleg aktiv i eige liv!

Eit tverrfagleg team samansett av ergoterapeut, fysioterapeut, heimetrenar og sjukepleiar kartlegg og det heile startar med spørsmålet: «Kva er viktige aktivitetar i livet ditt no?». Saman med deg utarbeider teamet mål for kva du tykkjer er viktig å meistre i din kvardag.

Det er eit tilbod til deg over 18 år som:

- Ynskjer å vere sjølvstendig, men ikkje lengre greier å gjere det du har fått til tidlegare
- Har opplevd svekking, sjukdom eller skade
- Er motivert for å klare deg sjølv

Intervju med Johanna Kreken som har erfaring med kvardags-rehabilitering

Johanna Kreken er ei 80 år gammal dame som bur i Luster. Ho har budd aleine sidan mannen døde for ein del år sidan. Tidleg på våren i 2019 ramla ho heime i gangen sin og braut armen. Etter

5 dagar på sjukehus og nesten 14 dagar på korttidsavdelinga i Gaupne skulle Johanne heim igjen til huset sitt. Ho følte seg utsrygg og var redd for at noko liknande skulle skje igjen. Ho var då avhengig av hjelp frå venner for å klare daglegdagse gjeremål. Johanne fekk tilbod om å prøve kvardagsrehabilitering og takka ja til dette. Det tverrfaglege teamet kom heim til Johanna og kartlagde situasjonen og Johanne sette seg nokre mål som var viktige for henne. Måla ho sette seg var å hente posten sjølv, komme seg på butikken, meistre å strikke igjen og til slutt det å komme seg på bussen for å kunne reise på strikkekafeen på Skjolden. Det tverrfagleg team sette saman eit treningsprogram som Johanna skulle gjennomføre saman med heimetrenar i heimetenesta og ho gjennomførte trening med ergoterapeut. I tillegg fekk ho eit eige treningsprogram som ho utførte sjølv kvar dag. Johanna merka raskt framgang og dette gav motivasjon til å halda fram med treninga. Etter 6 veker henta Johanna posten sjølv og gjekk bort til butikken utan følgje. Ho gjev uttrykk for at det var ein stor seier å klare målet om å komme seg på butikken utan



Johanna Kreken har trent seg opp att etter beinbrot i armen. Ho har brukt tilbodet kvardagsrehabilitering og har nådd målet om å klare å gå på butikken sjølv.

å vere avhengig av andre. Ho sa seg nøgd med det ho hadde oppnådd og tiltaket med kvardagsrehabilitering vart avslutta. Johanna tek sjølv bussen til Skjolden for å gå på strikkekafe og i november skal ho på tur utanlands i 14 dagar. Johanna seier sjølv at den oppfølginga ho fekk med kvardagsrehabilitering var viktig for at ho kom seg att så fort. Ikkje minst var det viktig for at ho igjen kunne kjenne seg trygg i eigen heim og i nærmiljøet.

Kva er kvardagsrehabilitering?



Lengst mogleg
aktiv i eige liv!



*Tverrfagleg team i kvardagsrehabiliteringa:
Frå venstre: Sjukepleiar Bente Grytten, heimetrenar Beate Stuppelshaug Vigdal, Ergoterapeut Bjørn Ove Nytun Leirdal, Fysioterapeutane Linda Hermansen og Kari Ingeborg Bukve.*



Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk til Gaupne omsorgssenter, Korttidsavdelinga, i høve Karl Nundal si gravferd.

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk til Gaupne omsorgssenter, Korttidsavdelinga, i høve Kristina Margareta Skagen si gravferd.

Hjarteleg takk for minnegåva me fekk til Gaupne omsorgssenter, aktivitetsstova, i høve Helga Marit Søvde si gravferd.

*Helsing Gaupne
omsorgssenter
Tone Kjærvik Kveane
einingsleiar*



Monumentet er laga av Gjenskinn. Gjenskinn gravminner er et samarbeidsprosjekt mellom biletkunstnarane Gita S. Norheim og Turid Uldal.

Minnelund på Gaupne kyrkjegard

Minnelunden i Gaupne skal vere ein god stad å vere, seier kyrkjeverje Morten Rørstadbotten. Det skal væra ein stad for ro og ettertanke. Tilbodet er for alle, uansett kva tru og livssyn ein har. Namnet minnelund er graver i eit felt med felles minnesmerke. Dette skal vere eit alternativ for dei som ikkje ynskjer å ha gravminne (gravstøtte) på grava. Her er det urnenedsetjing, og

på monumentet er det høve til å setje opp minneplate med namn og årstal for fødsel og død. Det er ikkje høve til å plante på grava, men det blir tilrettelagt for at dei pårørande kan setje ned avskorne blomster ved sida av monumentet. Her blir det sett inn benk for dei som ynskjer å sette seg ned. I monumentet er det lagt inn lys som blir tent om kvelden.



Luster brannstasjon og tannklinikks riven

Bygningane som romma Luster brannstasjon og tannklinikks har vore eit landemerke i Luster sidan slutten på 50-åra. Fyrst blei tannklinikken avvikla og seinare brannstasjonen. Etter som tida gjekk blei det avgjort å sanera bygningane for å gjera området disponibelt til anna bruk.

Etter utarbeidning av miljøsaneringsplan fekk Veum Maskin AS oppdraget med rivinga etter innhenting av tilbod. Arbeidet starta i september og no framstår området på ein god måte klart til anna bruk. Det er førebels ikkje avklart kva området skal brukast til.



Serviceskyss-ruter i Luster kommune

	Dagar ruta går	Frå startstad ca	Retur til startstad ca
(Kroken - Skjolden - Luster - Gaupne)	2. og 4. torsdag i månaden	11.30	16.00
Lustrabygda rundt	1. og 3. tysdag i månaden	13.30	14.50
Gaupne rundt			
	2. og 4. måndag i månaden	12.30	16.00
Jostedal rundt	4. tysdag i månaden	10.30	11.30
Jostedal - Gaupne	7.01, 10.03, 12.05, 7.07, 8.09, 10.11. og 8.12.	10.30	14.00
Indre Hafslo - Gaupne m/Mollandsmarki	2. og 4. onsdag i månaden	12.30	16.00
Hafslo rundt	2. og 4. fredag i månaden	09.30	11.30
Solvorn - Hafslo	2. og 4. fredag i månaden	09.30	11.30
Veitastrond - Hafslo - Gaupne	4. tysdag i månaden	10.00	13.30

Transporttilbod Luster 2020

Kommunane får kvart år midlar frå fylkeskommunen til transportteneste for funksjonshemma (TT). Serviseskyss (SS) vert også finansiert av fylkeskommunen. Tide har ansvaret for tilboden og leiger inn Luster Taxi til å køyra rutene. Tilboda er først og fremst retta mot eldre og/eller funksjonshemma, men Serviceskyssen kan nyttast av alle som treng transport og vanskeleg kan bruka buss.

Serviceskyss 2020

Det er inga form for godkjenning for å nyutta serviceskyss. På faste dagar i månaden og til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike deler av kommunen. Starttidene kan variera noko fordi ein har varierande tal passasjerar, som vert henta heime på tunet. Rutene går sjølvsagt i retur seinare på dagen.

Tinging

Alle som skal vere med Serviceskyss-ruta må tinga på førehand.

Tinging skjer på telefon 57 68 16 20 innan kl. 18 dagen før turen.

Eigenandel er kr 30,- pr. tur.
OBS Rutene vert ikkje køyrdersom ingen bestiller skyss.

OBS

Transporttenesta for funksjonshemma (TT-kort)

TT-kort skal vera ein inspirasjon til «å koma seg utom døra», men det er på ingen måte meint å dekka heile transportbehovet til brukaren. Brukarar av dette tilboden må ha ei godkjenning. Funksjonshemming som varer minst 1 år, knytt til transport/utandørs forflytting over større avstandar, er bakgrunnen for godkjenninga. Tilboden skal ikkje vera ei erstatning for manglande offentleg transport. Søknad om

å vera godkjend som brukar av transporttenesta kan sendast inn heile året. Søknadane vert handsama seks gonger årleg. Ved første gongs tildeling får alle brukarar tilsendt eit magnetkort som dei må passa godt på, og alltid ha med seg når dei nyttar Transporttenesta. Ved nyttår vert midlane fordelt mellom brukarane og lagt inn i brukarkortet elektronisk. Brukarane får skriftleg melding om kor stor sum dei har fått tildelt.

Eventuelle ekstraløyvingar vert fordelt omkring midtsommar, og lagt til i brukarkortet på same måte. TT-kortet skal ikkje brukast til å betala turar som i stor grad vert betalt av andre instansar, som t.d. tur til lege og fysioterapi.

Søknadsskjema og nærmare informasjon kan ein få ved å venda seg til sørvisetorget på rådhuset tlf. 57 68 55 00 eller ergoterapitenesta på Helsecenteret tlf. 57 68 56 21.

Nyopning av Gamle Brannstasjonen



Arbeidsgruppa som har gjort hoveddelen av arbeidet på bygget. Fra venstre Paul Fransen, Kjell Fuhr, Geir Gjerde, Siw Bente Høyum, Arne Vigdal, Edgar Drevdal, Leif Leirdal og Odd Atle Stegegjerdet.

(Foto: Wenche Schanke Eikum)

Tysdag 3. september stod ordføraren for den offisielle ny-opninga av Gamle Brannstasjonen på Gaupnegrandane. Bygningen ligg ved sida av Parken rett på nedsida av fv55, og er no pusssa opp og skal nyttast av ATS i deira daglege verksemد. Ved opninga vart det informert om bakgrunnen for arbeidet, ordføraren avduka nytt skilt og Helene Myklemyr Bolstad framførte melodiar på trekkspel, før det var klart for servering av varmrett og marsipankake.

Gamle Brannstasjonen vart bygd på slutten av 1970-talet, og har tidlegare husa både brannstasjon og service- og sanitær-lokale for Teknisk drift. Etter å ha stått på det nærmeste ubrukt og utan vedlikehald i mange år vart det hausten 2018 bestemt at ATS skulle få ta over bygningen. ATS hadde etter førre større utbygging i 2008 på det nærmeste «vaksse ut av» hovudbygget sitt, slik at m.a. den nye handverkargruppa deira har måttå jobba utomhus og i kalde garasjar etter at den starta opp for 3-4 år sidan. Den-



Til nyopning av bygget høyrer også ei flott festkake laga på ATS. Ordføraren står for utdeling av kaka, i anledning dagen er han utstyrt med handsag som kakespade. John Havellen, Anne Karin Kvamsdal og leiar Odd Atle Stegegjerdet ventar ivrig på sine kakestykke.

ne gruppa får no ein helt annan arbeidskvardag i dei nyopp-pussa lokalala.

Arbeidet har vorte gjennomført som eit samarbeid mellom ATS, Teknisk Drift og lokale handverkarar. ATS sine eigne medarbeidarar har gjort tømrararbeid, måling, sjauing og rydding. I tillegg har dei fått nødvendig bistand på område som elektrisk,

VVS, golvlegging og betongarbeid.

ATS er svært nøgde med å ha fått høve til å ta over bygget og med opp-pussinga som er gjennomført. Dette kom også klart fram under ny-opninga, der både leiar og fleire av medarbeidarane uttrykte stor glede og takksemđ for at ein har fått dette til.



Biletprosjekt for Omsorgstenesta

Stefan Åberg og Odd Atle Stegegjerdet, leiar ved ATS, har sidan våren -19 jobba med eit film- og bilet-prosjekt for Omsorgstenesta i Luster som dei kallar Luster Kino. Prosjektet kom i stand som ei følgje av den nasjonale satsinga Leve heile livet. Føremålet er å laga filmar og biletpresentasjonar som rører ved og gleder den einskilde, inviterer til samtale og stimulerer hukommelsen. Innhaldet spenner frå filmar frå gamle interiør og bruksreiskapar, konserter, turar, dyr og gardsdrift mm., til biletpresentasjonar frå natur, kultur og frå gamle dagar. Ein har også fått høve til å kjøpa inn fleire gamle filmar med innhald frå Luster, som t.d. filmen om bankbussen og filmen om fjellmannen Erling Fuglesteg.

Etter kvart som dei ulike filmane og presentasjonane vert ferdig er meininga at ein skal visa dei fram på interne TV-kanalar på omsorgssentra i kommunen, om lag som når ein ser på vanlege TV-sendingar. I tillegg skal tilsette kunna henta fram og visa utvalde filmar og presentasjonar, - på PC eller TV -, for einskildpersonar eller grupper av brukarar. Stefan og Odd Atle vil takka for stor velvilje frå dei mange som er spurt om å bidra med innhald til dette viktige arbeidet. Samstundes oppmodar dei lusteringar og andre som sit med materiale og eller idéar til filmar eller presentasjonar dei trur kan nyttast framleis om å ta kontakt.

Opplæring folkevalde



Det nyvalde kommunestyret og kontrollutvalet har i haust fått opplæring om folkevaldrolle, kommunal organisering, lover og reglement.

Ordførar i Vågsøy, Kristin Maurstad (innfelt) og jurist Knut Henning Grepstad har vore gode lærekrefter.



Bak frå venstre: Janne Hop, merkantil personell, Jorunn Ødegård, helsesjukepleiar, Henny Haugane, helsesjukepleiar, Ane Sigrid Midtbø England, helsejukepleiar under utdanning, Carla Navarro, barnefysioterapeut, Elen Karine Ronningen Vigdal, jordmor.

Framme frå venstre: Sofie Rosager, helsestasjonslege, Berit Skjerdal, leiande helsesjukepleiar, Øygun Sofie Kjos, merkantil personell, Jofrid A. Endresen, sjukepleier.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta

Hausten 2019 har vore ei tid med fleire endringar på Luster helsestasjon. Anne Helen Strandabø, som har vore leiar i mange år, vart pensjonist frå 1. september. Berit Skjerdal er gått inn i hennar stilling.

Jofrid Austheim Endresen er ny medarbeidar hjå oss. Ho er sjukepleiar, men går i eit vikariat som helsesjukepleiar.

Luster kommune har fått midlar frå Helsedirektoratet til styrking og utvikling av helsestasjon - og skulehelsetenesta. Ane Sigrid

Midtbø England tok til i prosjektstilling hjå oss 1. november. Ho er sjukepleiar og tek helse-sjukepleiarutdanning på deltid i Ålesund. Prosjektperioden varer i første omgang 1 år.

Prosjektmidlane vert nytta til auka tid og ressursar i skulehelsetenesta, helsesjukepleiar meir til stades i barnehagane, samt at ein skal jobbe med å innføre ei digital løysing for Helsestasjon for ungdom. Konkret betyr dette bl.a. at Hafslo barne- og ungdomsskule har helsesjukepleiar

til stades tre dagar i veka denne prosjektperioden. Dei tre barnehagane Gaupne, Gamlestova og Hafslo vil også ha helsesjukepleiar til stades ca. ein dag kvar månad. I tillegg til dette skal det satsast på foreldrerettleiingskurs, i form av COS, til familiar med born 0-1 år. Desse kursa vert for dei som er heime i permisjon med borna sine og kursa vert på dagtid.

Forsking på fysisk aktivitet i barnehagen

Dette barnehageåret deltek Gaupne barnehage i eit spennande forskingsprosjekt om fysisk aktivitet i barnehagen. Det er Høgskulen på Vestlandet som står bak prosjektet som vert kalla ACT Now; Active Learning Norwegian PreSchool(er)s.

ACT Now er eit stort forskings- og utviklingsprosjekt knytt til kompetanseutvikling i høve til fysisk aktivitet i barnehagen. Målet er å utvikle ein god og berekraftig modell for auka fysisk aktivitet i barnehagen og å undersøke effekten av fysisk aktivitet på borna si generelle utvikling, læring og helse. Prosjektet er finansiert av Norges forskningsråd, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Høgskulen på Vestlandet.

I Gaupne barnehage er me opptekne av fysisk aktivitet og då særleg gjennom friluftsliv, seier styrar Anne Merethe Kvalsøren, og legg til: - Me har jobba med dette temaet i fleire år, men likevel ser me at det blir for lite systematisk.

- Me har erfart at det å kome ut på tur og ut i terrenget gjev borna nye mogelegheiter for å bruke kroppen sin. Då blir det også mindre konfliktar mellom borna, og dei vaksne blir meir aktive. Når me no får mogelegheita til å vera med på eit prosjekt som handlar om å auke kompetansen i personalet og slik få meir systematikk på fysiske aktivitetar i barnehagekvarldagen, så vil me vera med på det.

Forskningsprosjektet rettar seg mot 3-, 4- og 5-åringar, og det har vore opp til foreldra om



Fysisk aktivitet og songglede hand i hand.

boret deira skal vera med eller ikkje. Tidlegare i haust vart det gjennomført ein kartleggingsperiode der deltakande born og tilsette har gått med aktivitetsmålarar i ein periode på sju dagar.

I november deltek fem tilsette frå barnehagen på fagsamling med Høgskulen der målet er å auka kompetansen om fysisk aktivitet hjá dei tilsette. Føremålet er å ha konkrete opplegg med tilbake til barnehagen. Seinare i prosjektet vil det verta nye kartleggingar og bruk av aktivitetsmålarar. Det vert spennande å sjå om kompetansehevinga gjev praksisendring og endå meir fysisk aktivitet.

Gaupne barnehage har fysisk ak-

tivitet som eit satsingsområde på utviklingsplanen vår. Songstunda er flytta ut, og stilsesittinga inne er bytt ut med songleikar med rørsler. Barnehagen satsar på friluftsliv som metode for fysisk aktive barn og vaksne, og barna går til ulike turmål i Gaupne. Dei eldste barna – raud base – har tilhald nær skuleplassen og nyttar både klatreparken og idrettsanlegget. Dei yngre barna vert ikkje løfta opp og utav tripp-trapp-stolane, men dei får lov til å klatra ut sjølve medan dei vaksne står ved sida av og passar på.

Aktive kvardagar gjer det godt å ha ei kvilestund òg. I idretten seier ein «Eat, move, sleep», og det same gjeld for oss i barnehagen.

Psykisk helsefremjande barnehagar i

Barnehagane i Luster har sidan 2018 arbeidd systematisk med temaet inkluderande barnehagemiljø. Dette arbeidet vert no vidareført gjennom ei satsing på psykisk helsefremjande barnehagar og samarbeid med STYD kommunikasjon ved Line Melvold om deltaking i eit forskingsprosjekt. Satsinga på psykisk helsefremjande barnehagar har skapt eit stort engasjement blant dei barnehagetilsette denne hausten.

- *Det er ny giv i barnehagane*
- *Dette er så moro!*
- *Så kjekt å få idear og inspirasjon frå noko som er utprøvd andre stader*
- *Leiken hjå oss har endra seg veldig*
- *Dei nye leikemateriala har gitt nye impulsar til leiken, og me ser at kreativiteten blomstrar*
- *Dette er eit prosjekt som har engasjert alle barnehagetilsette*

Dette er nokon av reaksjonane som har kome i haust etter at

barnehagane i kommunen tok til med samarbeidet med STYD kommunikasjon om psykisk helsefremjande barnehagar. Leiar Line Melvold i STYD hadde den første fagsamlinga med barnehagetilsette i Luster i vår, og denne hausten har det vore fleire fagsamlingar for dei tilsette, synfaringar til alle barnehagar for å sjå på det fysiske leikemiljøet i barnehagane i tillegg til opne foreldremøte med tema livsmeistring og psykisk helse både i Gaupne og på Hafslo.

Digital handbok

STYD kommunikasjon har hatt gåande eit forskingsprosjekt gjennom tre år som no lustrabarnehagane vert ein del av. I dette forskingsprosjektet har ein kome fram til åtte område som det er viktig å arbeide med for at barnehagen skal vere psykisk helsefremjande. Innanfor kvart område er det lista opp seks kriterium for god praksis:

- Områda barnehagane skal arbeide med er:
1. *Juridiske rammer*
 2. *Barnehagen som profesjonell og lærande organisasjon*
 3. *Leiarskap*
 4. *Relasjonsarbeid*



(f.v.) Lene og Line tek terskeltesten i Gamlestova barnehage og diskuterer med styrar Per Rune og pedagogisk leiar Inger Helene. Terskeltesten er å sjå rommet frå barnet si høgd; inviterer rommet til leik?



Nytt leikemiljø i Jostedal barnehage

5. *Livsmeistring*
6. *Struktur*
7. *Innhald*
8. *Foreldresamarbeid*

Kvar barnehage har tilgang til ei digital handbok og ei fagbok som støtte i det psykisk helsefremjande arbeidet. Den digitale handboka skal hjelpe barnehagane med å arbeide systematisk og strukturert med dei åtte ovannemnde områda. Fagboka skal gje fagleg påfyll og gjere dei tilsette i stand til å ta gode pedagogiske val.

Leiken sin sentrale betydning

Alle barnehagane startar å arbeide med temaet juridiske rammer som handlar om barn sine rettar etter barnekonvensjonen. I tillegg har barnehagane i Luster prioritert temaet leikemiljø i første omgang. Dei andre områda vil bli jobba med i tur og orden. Leiken sin sentrale plass i barna

Luster



sine liv, deira rett til medverknad og fri leik, er eit fundament for handboka og for den psykisk helsefremjande barnehagen.

Leik er barna sin måte å vere i verden på. For barna er leiken altoppslukande og naudsynt. Leiken er rett og slett viktig for at barna skal leve gode liv. Det er også gjennom leiken at barna lærer og utviklar seg. Gjennom leiken opparbeider dei kompetanse for framtidig liv og virke. Ved å legge til rette for leikemiljø som inviterer til fantasi, skaparglede, kreativitet og moro kan barnehagen legge eit grunnlag for at barna få utvikle og utfalda seg.

Kom og leik her! Fokus på det fysiske leikemiljøet

Det fysiske leikemiljøet er eit område som har hatt lite fokus i barnehagane. Over heile landet ser barnehagar forbausande like ut innvendig og utvendig. Det er



Line Melvold held foredrag for barnehagetilsette om psykisk helsefremjande barnehagar.

difor mykje å gå på når det kjem til pedagogisk praksis og utforminga av det fysiske leikemiljøet. Ein hovudtese i handboka og i fagboka til Line Melvold, er at barn i ulike aldrar treng ulike leiker; dei små barna treng mykje av lite, dei større barna treng mykje av mykje – det vil seie å verta kjende med ulike typar material og type leiker.



Vegar Volle er den nye styraren og rektoren ved Indre Hafslo oppvekstsenter.

Ny rektor og styrar ved Indre Hafslo oppvekstsenter

Vegar Volle starta i midten av september som ny styrar og rektor ved Indre Hafslo oppvekstsenter. Volle har lang erfaring frå oppvekstsektoren med nærare 14 år som lærar i Høyangerskulen, og dessutan ein kortare periode som pedagogisk leiar i barnehage. I tillegg har Volle i fleire år arbeidd som journalist. Me ønskjer Volle velkommen til Lustrabarnehagen og Lustraskulen.

Barna treng leiker som stimulerer fantasi og kreativitet, leiker dei kan byggje med, leiker dei kan bruke på ulike måtar, leiker dei kan rolleleike med. Eit viktig poeng er at leiker ikkje treng å vera dyre, ei god leike kan vera BAMA-kasser i plast (t.d. til å byggje hus med), IKEA-baljer til å putte ting oppi, planker, tromler, korker, tøy og puter, klede til å kle seg ut med. Mulegheitene er uendelege når barna sin fantasi er drivkrafta.

Indre Hafslo barnehage 20 år



Tysdag 12. november vart det markert at Indre Hafslo barnehage er 20 år. Folk i alle aldrar fylte gym-salen ved oppvekstsenteret, og det vart feira med både sang, dans og eit flott kakebord. I barnehagane er det vanleg at bursdagsbarn får krone på hovudet, og difor var det berre rett og rimeleg at sjølve barnehagen denne dagen fekk bursdagskrona på.

Gamlestova barnehage 30 år



Onsdag 13. november feira Gamlestova barnehage seg sjølv i Hafslo samfunnshus med liv og røre. Barn, foreldre, sysken og inviterte gjester deltok.

Det heile starta med song av barnehageborna. Vidare var det kulturelle innslag som song, dans og korpsmusikk av m.a. nokre tidlegare barnehageborn. Etterpå var det pølse- og stor kakefest.

Lærarar på kurs



Skuleåret 2019/20 får nyutdanna og nytilsette lærarar tilbod om kursrekke à fire økter. På første kursdag stilte seks lærarar. Tema var heimskule-samarbeid og nynorsk som opplæringsmål. Kurshaldarar var ressurslærar Dagfinn Hovland og kommunalsjef Knut Åge Teigen.
Biletet. F.v. Dagfinn Hovland, Christina Kvammen Fuhr, Helge Martinsen, Johannes Finstad, Elise Schrama, May Tone Høyheim, Egil Tveit.



Symjing. Tidleg i september vart sju lustralærarar sertifiserte for badeturar utandørs og utesymjing. Instruktør var Ragnhild Øren Myhre frå Kvåle skule. Badetemperaturen i Hafslvatnet var passe kald.

Hospitering Irland

Siste veka i september var 10 skule- og barnehageleiarar på hospitering tre dagar i County Clare på vestkysten av Irland. Det var eit omfattande fagleg program med forelesingar om lese- og skriveopplæring og leik som arbeidsmåte for dei yngste barna og påfølgjande skulebesøk og demonstrasjon av teorien i praksis.

I tillegg vart det også tid til drøftingar om skilnad på det irske og norske skulesystemet, det å vera rektor og skuleutvikling. Hospiteringa var i stor grad finansiert av EU-midlar gjennom Erasmus+-programmet.



Bak f.v. Sharon Dilger (rektor), Linda Midtun, Ellen Havellen, Eli Merete Hansen Moen, Lena Stai Bolstad, Grete Marie Skårhaug Solvi, Hilde Holte Selland, Vegar Volle, Linda Øvregard Røhme, Oddbjørg Ese, Ines Kruselj Vidas (Kroatia), Martina O'Grady (kurshaldar). Framme f.v. Ray McInerney (director Clare Education Centre), Knut Åge Teigen.

Nye helsefagarbeidrarar



Bente Bergum



Lene Bolstad

Velkommen til ein sosial møteplass i Gaupne! «Svadlekroken» er ein sosial møteplass for vaksne i Luster kommune

"SVADLEKROKEN"

VELKOMMEN TIL EIN SOSIAL
MØTEPPLASS I GAUPNE!



Arrangør:



Her kan du komme og få deg ein kaffikopp og slå av ein prat.
Treng du hjelp til data, så har me PC tilgjengeleg.

Me vil utvikle tilbodet og tilpasse aktivitetane etter ønskje frå dei som kjem innom!

Blant anna kan me arrangere temakveldar.

«Svadlekroken» held til i lokala til bruktbutikken. (Øyagata 6).
Opningstida er kl 15 -18 kvar torsdag.
Me sel kaffi/te og vafler.

«Svadlekroken» er eit samarbeid mellom Luster kommune, NAV
Luster og Luster Frivilligsentral.

Nytt tilbod: Ungdomslos

Armando Navarro er Luster kommune sin nye ungdomslos. Med midlar frå Barne-, ungdoms- og familielid direktoratet vil han fungera som ungdomslos i tre år. Navarro skal vere tilgjengeleg for elevane på Luster ungdomsskule og Hafslø barne- og ungdomsskule ein dag i veka, alt etter behov.

Kva er ein ungdomslos?

Ungdomslosen er eit tilbod for elevane på ungdomsskulane i kommunen; for å auke trivsel på skulen, auke mestringskjensle og for å førebygge fråvær.

Ungdomslosen skal samarbeide tett med ungdommane sine foreldre eller andre omsorgspersonar og hjelpe dei med å understøtte ungdommane sin skulegang.

Kva kan ungdomslosen hjelpe til med?

Planlegge lekser og studieteknikk

Sortere tankar og kjensler

Takle nervositet

Støtte- og motivasjonssamtalar med ungdom

Vekking/køyring/henting til og frå skulen (i avgrensa tidsperiode).

Hjelpe til med å strukturera kvardagen og få god døgnrytme

Skape nettverk og sosiale relasjoner

Motivere og løse inn i aktivitet på fritida

Bli med ungdommen i møte med ulike instansar

Vere med på overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring

Hjelpe og motivere ungdom til å kome i kontakt med hjelpetenester

Eller hjelpe til med andre type tiltak som ungdommane treng for at dei skal oppleve sin kvardag som god



Armando Navarro

Ungdomslosen skal hjelpe ungdom når dei sjølv ønsker det og kan møte ungdommen på deira arena, samt vere til stades når ungdommen treng nokon å snakke med.

Korleis kome i kontakt med ungdomslosen?

Elevane sjølv kan ta kontakt med ungdomslosen på skulen eller via tlf/SMS. Privatpersonar, skular eller andre offentlege tilsette kan ta direkte kontakt med han. For å avtale møte kan du enten ringe eller sende ei melding på tlf.: 45979559 eller på e-post: Armando.Navarro@luster.kommune.no



Digital aktivitetskalender

Luster kommune er no godt i gang med å bruke Friskus!

Friskus er ein digital aktivitetskalender der du kan søke opp og legge inn arrangement og frivillige oppdrag i nærliken av deg.

Friskus er utvikla og jobba fram som ei praktisk løysing som skal bidra til å førebygge einsemd og utanforskap for alle innbyggjarar i kommunen.

For å bli betre kjend med Friskus, gå inn på www.luster.friskus.no.

Bildet nedanfor viser korleis framsida ser ut når ein har logga inn.



I søkefeltet på venstre side kan ein filtrere utifrå om ein ynskjer å sjå aktivitetar eller oppdrag. Ein kan også filtrere på interesse, stad og dato, og på denne måten kan ein lett få oversikt over alt som skjer i nærmiljøet.

Når ein trykker inn på dei ulike aktivitetane kan ein få litt meir informasjon, sjå kven som er arranger, samt kvar og når aktiviteten skal vere osv.

Dersom du ynskjer å melde deg på ein aktivitet må du registrere deg som medlem i Friskus.

Det gjer du enkelt ved å trykke på «Ny bruker» øvst i høgre hjørnet på framsida. Følg framgangsmåten, og du er i gang!

Lag deg en konto

Lag deg en konto for å melde deg på aktivitetar

Mobilnummer

Ditt mobilnummer

Registrer

[Har ikke mobil – registrer med epost](#)

Du kan også følge med på tvers av bygder og fylkesgrenser, og tipse familie og venner i andre delar av landet om aktivitetar som skjer i nærliken av dei.

Dersom du scrollar nedover søkerfeltet på venstre side på framsida vil du finne alle kommunane som er i gang med Friskus.

Her kan du også søke på andre stader for å sjå kva som skjer dersom du til dømes har planlagt ein tur til Oslo på ferie.

- | |
|--|
| <input type="checkbox"/> KRISTIANSUND |
| <input type="checkbox"/> KVINNHERAD |
| <input type="checkbox"/> LUSTER |
| <input type="checkbox"/> LORENSKOG |
| <input type="checkbox"/> NAUSTDAL |
| <input checked="" type="checkbox"/> OSLO |
| <input type="checkbox"/> Gamlo Oslo |
| <input checked="" type="checkbox"/> Alna |
| <input type="checkbox"/> Nordstrand |
| <input type="checkbox"/> Stovner |
| <input type="checkbox"/> SKI |
| <input type="checkbox"/> SIKEN |

Me er ei arbeidsgruppe som jobbar med Friskus og me har jamnlege opplæringskveldar der me inviterer inn delta-karar frå kommunale einingar, lag og organisasjonar fortløpende.

Om du har spørsmål, ta gjerne kontakt med ein av oss i arbeidsgruppa: Elisabeth B. Orrestad-

975 28 699

Linda Goldmann- 470 13 690

Trine-Anita Systad- 412 98 302

UNG SCENE m/Magnus



**GRATIS TILBOD FOR UNGDOMMEN
ALLE ER VELKOMNE!**

KVAR TORSDAG KLOKKA 19.30 - 21.30
MUSIKKROMMET PÅ HAFSLO UNGDOMSSKULE

På Ung Scene er alle musikklade ungdommar velkomne, uansett ferdighetsnivå



- Where Words Fails Music Speaks -

Luster danseverkstad – Dans utan grenser

Luster danseverkstad – Dans utan grenser er ei gruppe som driv med dans. Dette er ungdommar som lærer yngre barn dans. Det er ung til ung formidling og i dag er det rundt 80 elevar som er med i dei ulike dansegroppene.

Instruktørgruppa VilLustre består i dag av 6 medlemmar som kvar veke lærer sine grupper nye trinn og bevegelsar i ulike kategoriar. Dette gjer dei frivillig på sin fritid. I slutten av kvart semester har dei danseshow der elevgruppene får vise fram det dei har lært, samtidig som instruktørgruppa òg synet fram nokon av sine dansar. Neste danseshow er sett til den 9. desember 2019 i samfunnsalen på Hafslo.

VilLustre tek på seg danseoppdrag rundt om og dei har bl.a. vore med på damenes aften på Pyramiden og på Lustramarknaden. Dei tek gjerne på seg fleire oppdrag.

Det er etablert danseverkstader i mange kommunar i fylket og dei har vore saman på treningshelgar som blei avslutta no i oktober med fylkesturne. Der hadde dei eit 1,5 timars langt danseshow som dei har jobba med i eit år. Desse dansane skal dei ta med seg vidare og sette opp show i Italia sommaren 2020. Etter denne turen vil dessverre VilLustre gje seg.

I samband med at VilLustre sluttar har ein i haust jobba med å få i gang ei ny instruktørgruppe her i Luster. Det har me lukkast med og no er 8 nye dansarar under



Instruktørgruppa: VilLustre. Thea Aarøy, Marte Fardal Svangstu, Adelheid Weka, Line-Kristine Karlsen Holene, Julie Leirdal Skjerven, Oda Karine Ugulen.



Den nye Instruktørgruppa: Passion. Anna H. Kvam, Hilde Joranger, Tonje Marie Karlsen Holene, Leah Nævdal, Thea Rønning, Thea Molland, Arsema Abraham og John-Arve Karlsen Holene.

opplæring. Dei skal og bli med til Italia 2020.

Den nye gruppa heiter Passion og vil i frå august 2020 overta oppgåvene som VilLustre har hatt. Me ynskjer Passion masse

lykke til og me gler oss til å sjå dei framover!

*Dans Uten Grenser
– Luster V/Sandhya Holene*

Juleglede-2019



Arbeidsgruppa for juleglede 2019. F.v; Leidulf Kvam fra Luster Lions, Grete Bondevik fra Luster kyrkjelege fellesråd, Linda Goldmann fra Luster Røde kors, Trine Anita Systad fra NAV Luster, Anita Kjørlaug fra Luster frivilligsentral og Liv Helen Nystuen fra Gaupne helselag.

Me er ei tverrfagleg samarbeidsgruppe i Luster kommune som jobbar med «juleglede».

Denne gruppa er samansett av representantar frå frivillige lag og organisasjonar, samt kommunale einingar.

Me samarbeider for å gje menneske med økonomiske utfordringar mogelegheita til å ta imot ei juleglede.

Det kan vere mange ulike grunnar til at menneske får økonomiske utfordringar.

Livet gjev oss ingen garantiar og det kan skje noko som fører til at økonomien kan bli sett på prøve. Om ein har forsørgjaransvar vert det sjølvsagt ekstra vanskeleg.

Å ha dårleg økonomi er ofte forbunde med skam, og det kan vere vanskeleg å snakke om. Skilnade mellom dei som har mykje og dei som har lite er store, og

det kan vere vanskeleg å be om hjelp dersom ein ikkje får midlane til å strekke til.

«Juleglede» skal bidra til at familiær som har behov for det skal kunne velje ei personleg julegåve til barna eller ei oppleingspakke for å gi heile familien ei god oppleving.

Det er moglegheit å fylle ut eit enkelt skjema der ein er heilt anonym.

Meir informasjon om korleis du skal gå fram dersom du ynskjer å sende inn skjema, finn du på Luster kommune sine heimesider.

Kvart år arrangerer me også eit gratis arrangement for alle barn, unge og vaksne i Luster, og dette er for å bidra til at alle skal få like mogelegheiter til å delta på eit kulturtildel i kommunen, uavhengig av familien sin økonomiske situasjon.

I år skal me ha eit førjulsarrangement, og informasjon om dette kjem ut fortløpande.

«Juleglede» ynskjer å gjere ei forskjell for dei familiene som opplever julehøgtida vanskeleg.

Me har oppretta Vipps til dette formålet gjennom Luster Røde Kors, og i den samanheng vil me oppfordre både bedrifter og privatpersonar til å gi eit valfritt bidrag til dette formålet.

Vipps: # 519965 – Juleglede (Luster Røde Kors)
eller

Kontonr. 3785.12.25871

Ved spørsmål, ta gjerne direkte kontakt med oss på telefon-470 13 690 (Luster Røde Kors).

Fruktbart samarbeid!

NAV LUSTER OG HVL i Sogndal har i mange år hatt eit godt samarbeid på mange måtar. NAV Luster ynskjer også å vera ei lærande verksemd. Det er derfor både utviklende og nyttig også for Nav å ta i mot studentar som ynskjer å vera i praksis hjå oss. Dei siste åra har Nav Luster hatt fleire studentar i praksis i året. Dette er både studentar i delt praksis, som er 10 veker, og studentar med full praksis som er 16 veker. I tillegg har vi hatt ulike prosjektpaktsar med grupper opp til 6-8 studentar.

For å gi studentane god innsikt i oppgåver og arbeid ved eit NAV kontor, får dei vera med ulike rettleiarar ved kontoret og bli kjende med forskjellige arbeidsoppgåver. Dei får og bli kjende med arbeidet i Flyktningetenesta. I tillegg har dei ein fast rettleiar studentane samarbeider med, som gir rettleiing både med læreplan, evaluering og godkjennung av praksis. Her er det også samarbeid og treffpunkt med HVL og deira praksisansvarleg.

Det er sjølv sagt noko tidkrevjande å ha studentar i praksis,



Studentane Sofie Arnesen og Camilla Arntsen i praksis ved NAV Luster

men det er også lærerikt for kontoret. Nav Luster er flinke til å sjå studentane som ein ressurs, og HVL i Sogndal ber oss melda tilbake at dei er stolte og glade for at Nav Luster tek så stort ansvar med å gi så mange studentar praksis der.

NAV Luster har også i fleire år hatt god nytte av HVL sine samarbeidsmidlar. Desse har vore nytta både til faglege oppdateringar, kurs og fagkonferansar. Det har også gitt Nav Luster eigen rettleiar

frå HVL, som har hatt faste kollegarettleiringstimar i Gaupne.

NAV Luster er godt nøgde med at dette let seg gjera, og vil samstundes takka for både rask handsaming og stor fleksibilitet i bruken av slike midlar.

Akkurat no er det Anne Lene Eggum og Alf Ove Reime som er praksisrettleiarar for studentane, Camilla Arntsen og Sofie Arnesen.

Media

No kan du høre direkte fra kommunestyremøta gjennom fleire nett-TV-kanalar (web) og gjennom radio på FM-kanalen til Radio Luster. Den sist tilkomne er Kent Fimreite i medieverksemda Hallo Sogn som sender på vegne av Sogn Avis. Hallo Sogn er ei lita mediebedrift som leverar web-TV og andre film/videoproduksjonar på bestilling. Her sender Kent frå det konstituerande kommunestyremøtet 17. oktober.



Produksjonstilskot og regionalt miljøp



Ei av tilskotsordningane i Regionalt Miljøprogram er til seterdrift.

Produksjonstilskot

er ei fellesnemning for ei rekke tilskotsordningar som føretak (gardsbruk) som driv vanleg jordbruksproduksjon kan søkje på.

Produksjonstilskot omfattar tilskotsordningane:

- Arealtilskot
- Kulturlandskapstilskot
- Tilskot for husdyr
- Tilskot for dyr på beite
- Tilskot for dyr på utmarksbeite
- Driftstilskot til mjølkeproduksjon
- Driftstilskot til spesialisert storfekjøtproduksjon
- Tilskot til små og mellomstore mjølkebruk
- Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar
- Arealtilskot til økologisk landbruk
- Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- Distriktstilskot til frukt, bær og veksthusgrønnsaker

I tillegg søker ein om tilskot til avløysing ved ferie og fritid på same søknadsskjema.

Luster kommune er den største landbrukskommunen i Sogn og Fjordane etter jordbruksareal i aktiv drift, og nest størst etter talet på føretak som søkte produksjonstilskot i 2018. Kommunen hadde då over 38 000 dekar jordbruksareal i aktiv drift, 230 føretak som søkte om produksjonstilskot og ei samla utbetaling av statleg landbruksstøtte til føretaka på 65 millionar kroner.

Regionalt miljøprogram

Regionalt miljøprogram (RMP) er eit strategiprogram for kulturlandskap, biologisk mangfald, klima og ureining knytt til jordbruket. Kvart fylke lagar sitt eige program med tiltak dei vil støtte. I samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane, vart det utarbeida eitt felles miljøprogram. Då fall noko av det tidlegare miljøprogrammet frå begge fylke ut. Av ordningar som var særleg aktuelle for Luster, vart det slutt på tilskotsordningane til dyr på beite verneområde og til vedlikehald av steinmurar.

Tilskot til drift av bratt areal er den viktigaste ordninga i RMP, målt i tal søknader. Andre ordningar er seterdrift, skjøtsel av kulturminne, skjøtsel av beite-

mark og slåttemark med særleg verdi og miljøvennlig spreiing av husdyrgjødsel. Organisert beitebruk høyrer også innunder RMP.

Dei regionale miljøtilskota er til liks med produksjonstilskot ei årleg driftsstøtte til jordbruksføretak i drift som oppfyller visse vilkår. Alle føretak som kan søke produksjonstilskot i jordbruket og som oppfyller vilkåra som vert stilte i dei ulike tilskotsordningane, kan søkje om regionale miljøtilskot.

Krav om gjødselplan

Alle som søker produksjonstilskot og RMP skal ha gjødselplan, eller dispensasjon frå dette. Dette gjeld anten ein driv økologisk eller konvensjonelt. Ein kan søkje om fritak for kravet om gjødselplan viss ein har mindre enn 5 gjødseldyreeiningar (tilsvarar 5 kyr eller 35 vinterfora sauar) og ekstensiv drift. Dersom søker ikke har gjødselplan eller dispensasjon, skal det samla arealtilskotet avkortast med 20 %. Dersom søkeren gir opp at han har gjødselplan og det ved kontroll viser seg at han ikke har gyldig plan, kan avkortinga bli auka til 40 %.

Alle som bruker sprøytemiddel skal ha sprøytejournal. Det gjeld også om andre sprøyter for deg. På same måte som med gjødselplan, skal det samla produksjonstilskotet avkortast med 20 % dersom søker ikke har dette og same konsekvens dersom det vert oppdaga under kontroll.

program

Utarbeiding av gjødslingsplan

Det skal utarbeidast gjødslingsplan før kvar vekstsesong. Foretak som disponerer husdyrgjødsel fra meir enn 5 gjødseldenyrenheter skal ha en årleg gjødslingsplan. For foretak som har ei enkel driftsform, liten variasjon i arealbruken eller ekstensiv driftsform, slik at gjødslingsbehovet varierer svært lite for dei enkelte skifte frå år til år, kan gjødselplanen vare i inntil 5 år når dette er godkjent av kommunen.

Som grunnlag for planen skal det føreliggja opplysningar om jordart med jordanalyser som ikkje er eldre enn 8 år, fjarårets og årets vekst samt forventa avlingsnivå. Gjødslingsbehovet skal og tilpassast gjødslingsnormer for distriktet.

Frå neste år vil ikkje kommunen lenger utarbeida gjødselplanar, men du kan låna utstyr til å ta jordprøvar. Gjødselplan kan du få utarbeidd av t.d. Norsk Landbruksrådgiving. Du kan også laga plan sjølv, men denne må stetta krava i Forskrift om gjødslingsplanlegging.

Du kan lesa meir om gjødselplan på kommunen si heimeside, under Landbruk.

**Hugs fristen for
å etterregistrera
opplysninga
i søknad om
produksjonstilskot
10. januar
2020. Gjeld
avløysarutgifter, dyr
på utmarksbeite,
sal av frukt og bær
m.m.**



Grunneigar kan söke om erstatning for arbeid med gjenopprettning i samband med flaum etter skade på marker og sikringsanlegg. Søknadsfrist er 3 mnd etter hendinga.

Sikringstiltak langs vassdrag

Hausten 2018 vart Luster nok ein gong råka av flaum. Det var særleg i Fortunselvi og Mørkridselvi som gjorde store skader. Her har NVE rekna seg ut til at det var ein 200-års flaum. Men også andre elvar og bekker var store og gjorde skadar.

I samband med oppryddinga og gjenopprettninga etter skadane i haust, ser kommunen nokre erfaringar som ein bør ta med seg vidare. Fordi det kjem til å kome flaum fleire gonger.

Sikringsanlegg mot vassdrag er grunneigar sitt. Sjølv om Vassdragsvesenet (nå NVE) i si tid bygde opp sikringstiltaka, er den fysiske vollen grunneigar sin. Grunneigar har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av sikringsanlegget.

- **Tilsyn:** Etter ei hending, som i fjor haust, må grunneigar sjå over sikringsanlegget på sin eigedom og melde inn eventuelle skader. Som grunneigar kan du sökje Naturskadeordningen om erstatning på dette sikringsanlegget i samband med flaum, men hugs frist innan 3 månadar etter hendinga. Kommune/Vegvesen/NVE kan ikkje sökje her.

- **Vedlikehald:** Dette er litt uklart, men NVE tilrår at tre som er større enn 10cm i diameter bør fjernast for å hindre at rotvelter øydelegg sikringstiltaket. Mindre vedlikehald med forbygging blir det forventa at grunneigar tek.

Frå 2017 vart Statens naturskadefond endra til Den statlege naturskadeordninga. Då vart det slutt på lensmannsskjønn og nå er det opp til grunneigar å dokumentere skader og kostnad med å rette dei opp att. Bilete som viser korleis areal og sikringstiltak såg ut før flaum kan vere gode å ha. Søknadar med dokumentasjon skal sendast inn digitalt på <https://www.landbruksdirektoratet.no/naturskadeordningen/>.

Klima, energi og miljøtiltak



Godt nøgde tilsette som får nye elbilar i Luster kommune. Sjekk om verksemda di også kan køyre el-bilar og få støtte via ENOVA.

Stønadsordningar

Elbilsatsing

Gjennom klimasatsordninga til Miljødirektoratet så har Luster kommune fått stønad til å setje opp heile ti ladepunkt til offentlege tenestebilane. Tre ladepunkt ved kvart omsorgssenter i kommunen, Gaupne, Luster og Hafslo. I tillegg er det lagt opp eit ladepunkt til ved ambulansestasjonen i Gaupne. Då ladepunkta var på plass på dei ulike stadane var det ingen utfordring i å byrje å sjå etter elbil til heimetenesta og andre offentlege tenester. Luster kommune fekk prøva fleire typar, før ein gjekk for innkjøp av Nissan Leaf. Luster kommune ser for seg ei omlegging av tenestebilane

til helsesektoren frå fossildrivne til elektriske bilar steg for steg i saman med utviklinga av godt framkomelege bilar.

Har bedrifta di fossildriven varebil som de ynskjer å bytte ut med ein nullutsleppsbil?

Har bedrifta høge driftsutgifter for dei fossildrivne varebilane og ynskjer noko som er billegare? Sjå då til elvarebilar, desse er billegare i drift enn fossile bilar, men har høgare investeringskostnadar. Investeringskostnadane kan verta lågare enn fyrst forventa, ved at bedrifta di kan få stønad frå ENOVA på inntil 50 000 kr til kjøp av elektrisk varebil. I tillegg så kan ein få 5000 kr til stønad for tilhøyrande ladar.

Gå inn på ENOVA og sjå om bedrifta di kan bli ein klima- og energieffektiviserings vinnar.

Har du kjøpt deg eit hus som du skal setje i stand, eller er det litt kaldt i huset du bur i?

Gjennom ENOVA kan ein no få stønad til oppgradering av bygningskroppen til heilårsbustad eller fritidsbustad i Norge på opptil 150 000 kr. I tillegg til stønad til prosjektet så kan du spare over 50 prosent i energikostnadar, på grunn av tettare isolasjon og eit balansert ventilasjonsanlegg. Ein kan også få stønad på inntil 15 000 kr for etablering av balansert ventilasjonsanlegg innan 31 mars 2020. Eit balansert ven-



Seinare slått kan bety mykje for insektene i området. Miljødirektoratet har mange gode stønadsordningar. Foto: Maria Knagenhjelm.

tilasjonsanlegg er eit viftesystem som levera frisk, reinsa luft og trekker ut bruk luft. Eit slik anlegg egnar seg godt for deg som ynskjer eit lunare og sunnare inneklima, planlegg etterisolering, utskifting av vindauge eller andre oppgraderingstiltak, ynskjer at lufta blir filtrert før den kjem inn, eller er plaga av allergi eller astma, og er sensitiv for stov.

ENOVA

Det er mange moglegheiter for energieffektivisere bustaden, eller fritidsbustaden din. Gå inn på ENOVA og sjå om du kan få stønad til energitiltak. Gjennom ENOVA finn ein forslag på tiltak som du som privatperson og som del av ei bedrift kan få stønad til å gjennomføre. Det vert gjeve stønad til energi- og klimatiltak innan bygg og eigedom, industri og anlegg, energisystem, maritim transport, landtransport og teknologiutvikling.

Tiltak for ville pollinerande insekt

Insekta har store utfordringar i høve tilpassing til eit meir homogent landbruk og eit miljø prega av attgroing og auka bruk av plantevernmiddel. No kan du

få stønad til å legge til rette for pollinerande insekt. Humler, bier og blomsterfluger er blant dei insektene som pollinera (bestøver) ville blomstrar og nokre avlingar. Tiltak som ein kan få tilskot til er restaurering, skjøtsel og

etablering av leveområde, det vil seie areal for yngling, matsøk og skjul, bekjemping av framande organismar og tiltak som kan skapa spreingskorridorar mellom artsrike område, og/eller viktige leveområde. Det kan også vera gjeve tilskot til informasjon. Gå inn på søknadssenteret til miljødirektoratet og søk om midlar innan 15 januar 2020, dersom du, eller organisasjonen du er med i ynskjer å gjere tiltak for insektene våre!

Miljødirektoratets søknadssenter

Miljødirektoratet har mange gode søknadsmoglegheiter blant anna for fisketiltak, vilttiltak, trua artar, vassmiljø, truga naturtypar, tiltak mot framande artar og mange fleire. Gå gjerne inn og sjå om det kan vera aktuelt for deg, organisasjonen du er med i, eller bedriften du er ein del av. Merk deg at det er mange søknadsmoglegheiter med frist 15 januar.



Media

Faste innslag på kommunestyremøta er Steinar Teigen og Finn Roald Skare som sender direkte på både lokalradioen og nett-tv'en til Radio Luster. Skrivande reportar Wenche Schanke Eikum (innfelt) i Sogn Avis er også ofte å sjå på kommunestyremøta, og det er ho som har teke biletet av desse to karane.





Nigardsbreen naturreservat

- eit område i stadig endring

Irsas og overflaumingar
I sommar var det ein nokså vanleg vestlandssommar, med både varme og kalde periodar. Uavhengig av dei kalde periodane har breen smelta mykje attende i år også. Utover sommaren har brefronten smelta og blitt breiare.



Dag Tore Dysvik var ein av fleire som var informasjonspersonell i 2019. Foto: Anne Rudsengen.

Informasjon og tryggingstiltak

Sidan ulukka i fjor har forvaltinga arbeida med fleire informasjon og tryggingstiltak. Som alle veit gjeld allemannsretten i utmark i Noreg, og lovverket legg ansvaret på kvar einskild om å ta vare på seg sjølv i norsk natur- også i farlege område. Sjølv om Nigardsbreen er eit naturreservat, så legg ikkje verneforskrifta noko avgrensing på ferdsla. Likevel tek fleire eit ansvar for å unngå at folk kjem til skade ved Nigardsbreen.

Samarbeid på tvers av forvalting og næring har i år resultert i fleire tiltak i området som skal betre tryggleiken og oppleving dei besökande har av området.

Informasjonsordning

Sjølv med tydelege skilt og gjerde, så kryssar turistane over og går inn mot breen. Så med erfaringar frå fjoråret friskt i minne og kunnskap om at det kunne kome nye store isras og overflaumingar utover i sesongen, så bestemte kommunen å prøve ut ein informasjonsordning frå byrjinga av juli og ut august i år også. Resultata frå dette var gode: Nesten ingen kryssa over sperregjerdet medan ein person var ved breen. I tillegg fekk turistane mykje god informasjon og kommunen fekk mykje innspel tilbake frå turistane.



Stiskilt, kor enkel informasjon om stien framgår.

Foto: Anne Rudsengen.

Trygging- og tilretteleggingstiltak

I tillegg til å ha informasjonspersonell ved brefronten så har forvaltinga sett opp nokre stiskilt. Skilta informerer om lengda på stien og vanskegrad, samt utkikkspunkt og moglegheiter for båttransport for delar av stien.

For å kanalisera folk langs stien har ein i år markert stien frå

parkeringsplassen ved brevatnet og fram til brefronten betre ved markørar av tre, måla i blått. Ein har også lagt ut ekstra klopper for å betre framkoma.




Blåmåla tremarkørar langs stien i Nigardsbreen naturreservat. I tillegg er det lagt klopper langsutfordrande delar av stien.

Målet med stiltaka er å la dei som besøkjer området sitje igjen med eit endå betre inntrykk av at ein ynskjer alle velkommen inn, samtidig som ein prøver å ta omsyn til dei farane som trugar i området.

Besøksstrategi-velkommen inn. Uttalefrist 2. januar.

Målingane tydar på at brearmen vil fortsetja å gå tilbake, kor fort er uvisst, men klimaendringane vil truleg ha stor påverknad. Ut i frå kunnskapen ein sit med i dag så forstår ein at det vert lengre og lengre opp til brefronten for alle besøkjande, og spørsmålet forvaltinga og reiselivet arbeidar aktivt med, er korleis ein kan ta høgde for klimaforandringane, reiselivsproduktet, helse og sikkerheit til brukarane og miljøkvalitetane som området har å by på. For å finne ein god balansegang i forvalting av verneområdet har forvaltinga utarbeida eit forslag til besøksstrategi for Nigardsbreen naturreservat. Forslaget ligg ute på høyring, og det er frist for å koma med høyringsinnspeil til Luster kommune 2 januar 2020.

Oppattbygging etter flaumen i Mørkridsdalen landskapsvernområde



Stadnamna i artikkelen er vist med raud skrift i kartet.

Det er mest som ein ikkje trur det – berre eitt år etter flaumen er vegar og bruver i verneområdet betre enn før! Korleis har dette vore mogeleg? Det unike samarbeidet mellom alle aktørar, enorm innsats frå mange og ein god slump pengar er svaret.

Starta med det same Allereie i fjor haust vart det jobba mykje med kartlegging av skadar, planlegging og arbeid med vegen inn mot Hødevollen. Hadde ikkje den kome på plass, hadde det vore vanskeleg å starte med oppattbygginga så tidleg. Det var også mange synfaringar utover hausten med NVE, Natura 2000-fondet, geolog, nasjonalparkforvaltar, Statens naturoppsyn, kommune, grunneigarar mfl.



Kyrne har fått god og trygg veg gjennom ura, og buföringa gjekk til same tidspunkt som tidlegare år. Foto: Liv Byrkjeland.

Tidleg vår gav rask oppstart
Allereie rett etter påske var

Sherpaer i gang i Grasøyuri. Her var 300 meter av buföringsvegen vaska vekk, og det måtte lagast ny veg lenger oppe i ura for at



Bygging av nytt bru-kar, eit samarbeid mellom Ødegård bygg og maskin og Stibygjaren. Foto: Rune Fuglesteg.

husdyr og folk skulle kome seg inn i dalen. Det var viktig å lage den nye vegen slik at den ikkje rasa ut att, og at store kyr kunne kome seg gjennom ura utan å bli skada. Sherpaer er utruleg flinke med stein, men det måtte også helikopter til for å løfte store nok steinar frå elva på plass. Resultatet vart ein solid steinveg høgt oppe i ura som kan tåla tøffare klima.

Mykje øydelagt

Innover i heile dalen var det kritiske punkt som måtte reparerast for å få inn beitedyra. Beitedyra er veldig viktige for å halde ved like verneverdien i kulturlandskapet i dalen. Steinbyggjaren sine Sherpaer vart nytta til minste sekund, helikopter gjekk i skytteltrafikk mellom arbeid med ny bru over Nobbakloppi, oppattbygging av vegen ved Vetafosso, samtidig som dei jobba i Grasøyuri. Skjolden bygdeservice bygde bruer i rekordfart og fekk desse på plass samtidig og SNO sine folk jobba med kloppene

på Dulsete. Det hadde vore ønskeleg å sleppe å bruke dyrt og ureinande helikopter, men utan denne effektive arbeidsmåten hadde oppattbygginga ikkje vore gjennomførbart så raskt. Her har det biologiske mangfaldet vorte prioritert framfor godt klimarekneskap.

Fire bruer har blitt bygd opp att

Brua på Dulsetesvåi var heilt knust og måtte byggjast oppatt. Lia-brui stod og balaserte på nokre få steinar, og ny stein måtte til for å gjere den meir robust. Her vert det også laga flaumoverløp med tanke på nye flaumar. På Nobbakloppi måtte det lagast ny bru for å få sauene inn i beiteområdet, og på Fossen har elva tatt nytt løp



Skjolden bygdeservice i arbeid med ny bru ved Fossen.

Foto: Trygve Snøtun.

slik at det må byggjast ny bru. Skjolden bygdeservice la siste hand på bruva ved Fossen i slutten av oktober.

Verneområde

Det er ikkje beint fram å gjere slike arbeid i eit verna område. Nasjonalparkstyret bestemde tidleg at her måtte ein vere effektive og smidige for å få på plass at tilkomsten til beiteområda. Mørkridsdalen har også vore høgt prioritert frå Miljødirektoratet som har løyvd store summar til oppattbygginga. Fleire har hevdat vernestatusen har vore heilt avgjerande for å få dette til, men det omfattande samarbeidet og den gode koordineringa til Skjolden grunneigarlag har vore like viktig. Mange gode fagpersonar som har prioritert dette høgt og veret som har vore på lag både vår, sommar og haust må også nemnast som suksessfaktorar.



Ny bru over Nobbakloppi. Sauene vart ført trygt over til beiteområdet.
Foto Knut Vidar Svanheld.

Vandring langs gamle far

Då ordførar og leiar i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, Ivar Kvalen, og statssekretær Atle Hamar la ned grunnsteinen for nye Tungestølen i august 2018 vart det fort snakk om å gå til fots til Tungestølen i samband med opninga i 2019. Som sagt, så gjort. Som jølstring ville statssekretæren gå frå Jølster via Sogndal og til Luster. Turen vart delt inn i to etappar, og første etappe vart utsett for dårlig vær og utsett to gonger.

I august låg det an til å bli ein strålende dag då nasjonalparkstyret og politisk leiing frå Klima- og miljødepartementet pakka opp sekken med breutstyr og stor niste. Turen gikk frå inst i Kjøsnesfjorden og opp Lundeskaret og over Marabreen. Denne ruta var ei viktig ferdselsåre mellom Sunnfjord og Sogn, og det var både handel og dans som kunne lokke på den andre sida av fjellet.

Faktisk er det ei «danseplatt» på toppen av fjellet, der budeier og bygdefolk kunne svinge seg til felespel i dei lyse sommarnettene.

Nasjonalparkstyret sørgja for at denne gamle ferdselsåra i 2015 vart oppgradert med nye steg og wire å halda

seg i; ruta frå Lunde og opp mot Lundeskaret er den brattast tilrettelagde DNT-stigen i landet. På toppen må ein ha breutstyr og kunnskap om ferdsel på bre om ein skal krysse Marabreen, for deretter å gå ned att ved Kvitevardane og til Bøyadalen. Her har bygdelaget i Fjærland gjort ein flott jobb med å rydde og remerke den gamle ruta opp frå dalen. Ein kjem ned att i Bøyadalen no på venstre side av tunnelmunninga, tidlegare kom ein ned ved Bøya-fjellstøylen.

Neste etappe gjekk dagen før den store opninga av Tungestølen i september. Turen frå inst i Supphelaledalen, over Snaueskaret, ned Snauedalen og til



På vandring frå Fjærland til Tungestølen over Snaueskaret: Turfølget med statssekretær i KLD, Atle Hamar, fremst ved nasjonalparkskiltet. Maria Knagenhjelm (forvaltar,) Martine Løvold (KLD,) Einar Målsnes (nasjonalparkstyret,) Tor Arne Hauge (forvaltar,) Marius Dalin (nasjonalparkstyret) og Anne Rudsengen (SNO).

Vårstølen på Veitastrond gjekk på om lag 8 timer med roleg tempo. Stien er stadvis blaut og ein må krysse is og snø i skaret. Turen er ei historisk rute med mykje spennande natur og landskap, og det var mange friarferder og handelsreisande her og før moderne tider endra kommunikasjonsårene. Nasjonalparkstyret og departementet sine folk kom vel fram, og takka vere både skyss fram til Tungestølen og nydeleg, heimelaga middag frå bygda, var målet nådd om å løfta fram dei gamle rutene mellom bygdene – på tvers av tre kommunegrenser.

Endringar i nasjonalparkforvaltninga

På rådhuset i Gaupne sit kanskje det største kompetansemiljøet på naturforvaltning i fylket, om vi ser bort frå Leikanger. I den grøne gangen, i lag med landbrukskontoret til kommunen, jobbar det også to frå Statens naturoppsyn og fire nasjonalparkforvaltarar. Det har vore ein del rokeringar internt i tillegg til at Jostedalsbreen fekk ei heilt ny, ekstra stilling over statsbudsjettet i 2018. Her er oversikta over forvaltarane som sit i Gaupne. Sjå elles www.nasjonalparkstyre.no for meir kontaktinfo, eller spør på servicetorget i kommunen.

Jotunheimen: Eldrid Nedrelo; permisjon fram til påske. Vikar: Johannes Skahjem. På Innland-sida: Kari Sveen, kontorstad Lom.

Breheimen: Trygve Snøtun. På Innland-sida: Stein Magne Grevrusten, kontorstad Bismo.

Jostedalsbreen: Tor Arne Hauge og Maria Knagenhjelm, begge med kontorstad Gaupne.



Bilete teke i Bergsetdalen.

Besøksstrategi – kva er det?

Besøksforvaltninga i norske verneområde har som mål å finne ein balansegang i forvaltninga mellom å gje gode opplevingar for dei besøkande, lage grunnlag for lokal verdiskaping og ta vare på og styrke naturverdiene. Arbeidet med å finne denne balansen skal være kunnskapsbasert og munne ut i eit strategisk dokument som skal gjelde for fem år om gongen. Alle store verneområde skal ha ein ferdig besøksstrategi innan utgangen av 2020. Dei store nasjonalparkane jobbar alle med dette no. Internasjonalt er nasjonalparkane store attraksjonar. Mange utanlandske turistar ser på ei nasjonalparkoppleving som ein viktig del av Norgesferien sin. Det er ein jamm auke med besøkande til våre område, og

naturen er sjølv fundamentet i marknadsføringa av landet vårt der ute i verda. Fordi verneverdiane ofte er sårbare må vi finne dei rette stadane til å ønske velkommen inn! Naturen er grunnlaget for langsiktig verdiskaping i bygdene våre, og ein viktig del av bygdene og bygdefolket sin identitet. Difor er det ei felles interesse å forvalte nasjonalparkane og verneområda våre i god balanse mellom vern-opplevning-verdiskaping.

I løpet av vinteren kjem besøksstrategien og forvaltningsplanen til Jostedalsbreen nasjonalpark ut på høyring. Vi håper mange vil gjere seg opp ei meinинг, og satsar på å ha ei ny runde med bygdemøte for å skape engasjement og få gode innspel til arbeidet.

Unge musikantar i Dale skulemusikk kursa seg i sommarferien



Dale skulemusikk på kurs i sommarferien. Framme f.v.: Inga Orrestad, Marthea Eide Bukve, Ruth Sjøthun. Midten: Aleksander Sognnes Heltne, Bendik Eide Bukve, Ella Orrestad. Bak: Kolbein Eide Bukve.

I fleire år har dei unge musikantane i Dale skulemusikk delteke på sommarkursa til Norges Musikkorps Forbund (NMF).

Korpset har musikantar som har delteke på gult kurs, 5.- 6.kl., raudt kurs 7.- 8. kl. og på musikkveka som er for dei som er i 9.kl. og eldre. Alle kursa legg vekt på personleg utvikling, samspel og mykje moro saman. Kursa held til på Folkehøgskulen i Nordfjordeid og Ulsteinvik, varar i 4 – 7 dagar og vert avslutta med flotte konsertar. Dale

skulemusikk betalar heile kursavgifta, medan foreldra tek seg av reiseutgiftene. Dei 2 siste åra har alle musikantane i Dale skulemusikk under 18 år delteke på sommarkurs. Den eldste av dei, Kolbein, starta som aspirant hausten 2010 og har delteke både på gult og raudt kurs. Dei siste 4 åra har han vore deltagar på musikkveka. Her har han og fått prøvd seg på komponering og dirigering. Imponerande! Dei unge har hatt gode opplevingar og melder seg fort på når kursa frå NMF vert annonsert.



Konsert. Kolbein Eide Bukve var med både som musikant og dirigent.

NYE LUSTRINGAR



Christel Valev og
Jan Erik Vigdal

Fortel litt om dykk sjølve.

Christel 28 år, er oppvokst på Sotra utenfor Bergen og jobber på Coop i Sogndal som butikksjef. Jan Erik 28 år er oppvokst i Vigdalen, og jobber på Jatak Kaupanger som kalkulator. Sammen har vi sønnen vår Theodor på snart 2 år som går i barnehagen på Hafslo. Vi bor på Hestnes der vi trives godt.

Kvífor kom de til Luster?

Vi flyttet hit for å komme litt nærmere besta og besten i Vigdalen, men samtidig være nærmere Sogndal.

Kví er det beste med å bu i Luster?

Gode barnehagetilbud, besta og besten, fiske på Hafslovatnet, ingen kø og bompenger!

Kví kan Luster bli betre på?

Har igrunn ikke bodd her lenge nok til å uttale meg om det-Christel. Ingenting negativt å tilføye.



Karoline Barstad og Erling Sperle

Fortel litt om dykk sjølve

Karoline Barstad, 29 år, oppvoksen i Florø, utdanna førskulelærar og jobbar som dette i Kjørnes barnehage.

Erling Sperle, 32 år, oppvoksen i Jostedal, utdanna energimontør og jobbar som overmontør i Sognekraft AS i Sogndal.

Saman har me tvillinggutane Jacob og Ulrik på 1 år. Me overtok småbruket Erling vaks opp på, Sperle i Jostedal, etter foreldra til Erling. Etter litt oppussing flytta heile familien inn i slutten av september i år og har etter kvart funne oss godt til rette.

Kvífor flytte de til Luster?

Me flytta til Luster på grunn av den flotte naturen, gode miljøet og behov for større plass å bu på.

Kví er det beste med å bu her?

Det beste med å bu i Luster er at ungane får vokse opp på ein plass med mange moglegheiter for tur og utelek.

Kví kunne Luster vorte betre på?

Som Jøstedøler kan me kanskje nemne vegstandard som eit punkt Luster kan bli betre på, sjølv om dette hovudsakleg blir styrt på fylkesnivå. Elles håpar me på barnehageplass i Jostedal på nyåret.

NYE LUSTRINGAR



Espen Borlaug og Essi Mäki

Kven er de? Fortel litt om dykk sjølve.

Essi Mäki er 32 år, oppvachsen i Finland og flytta til Noreg rett etter vidaregåande skule. Ho er utdanna sosionom og har i tillegg mastergrad i innovasjon og leiing. Til dagleg arbeidar Essi i Fylkeskommunen. Ho har stor interesse for trening og kosthald, samt baking og matlaging.

Espen Jacobsen Borlaug er 33 år, frå Aurland og er halvt Solvorning. Han er utdanna barneverns-

pedagog, og har i fleire år jobba innan sosialfagleg arbeid i Bergen. I tillegg har han gått på politihøgskulen, men har no permisjon frå studiet. No jobbar han som snikkar i Nordbohus, og stortrivst med det. På fritida driv Espen med fiske, jakt og fotball. Dessutan er Espen trubadur og reiser land og strand for å spela opp til dans.

Kvífor kom de til Luster?

Me har over lengre tid budd i Bergen, og kjenner oss ferdig med bylivet. No ønskjer me å slå oss til ro i Sogn. Solvorn har alltid vore ein spesiell plass for Espen. Han har gode minner frå den tida mormora hans levde og budde der. Etter at Espen og Essi vart saman har dei vore mykje i Solvorn, og tanken på å busetje seg her dukka stadig opp, sjølv om tidspunktet for å flytta var litt tilfeldig. Dei er i planleggingsfasen når det gjeld husbygging, men dersom det kjem eit hus for sal i Solvorn kan det vera av interesse.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Me er begge glade i å vere ute i naturen. Om sumaren sit me gjerne fleire timer i båten og fiskar. På vintertid er det gode moglegheiter til vinteraktivitetar, og det er ikkje lange vegen til ski og slalåmløyper. Det er fint og roleg i Solvorn på vinteren, men på sommaren er det fullt med liv, så ein får litt av alt.

Me har fått mange tilbakemeldingar på at det er kjekt at me ville koma til Solvorn for å busetta oss, og det er utruleg kjekt. Essi seier at det er viktig med nærleik til flyplassen då Essi har familien sin i Finland. For Espen er det positivt at det er kort veg til Aurland, der foreldra hans bur. Me har rett og slett alt med treng i nærleiken av oss!

Kva kan Luster bli betre på?

Det er litt tidleg å seie kva Luster kan bli betre på. Me håpar uansett på at Luster prioritærer og legg til rette for at fleire unge skal kunna bu og etablera seg her, og at det finst nok arbeidsplassar til alle.

NYE LUSTRINGAR

Familien Bjørk

Kven er de?

Me er ein familie på 4 - Sofia, Sunniva, Stine og Magnar, samt hunden vår Max, som etter mange år på Austlandet har flytta frå Drammen og heim til Fortun. Sofia og Sunniva går no i 4. og 7. klasse på den flotte skulen på Skjolden. Her er det til saman like mange elevar som det var i Sofia sin klasse i Drammen. Det seier noko om at det er godt å være elev her og at det er litt meir rom for å leike og ha det moro ute i friminutta. Stine og Magnar har begge jobbar i Drammen, men med internett og breiband kan me store deler av tida arbeide frå kontoret vårt i gamleskulen her i Fortun.

Kvifor flytte de til Luster?

Me har vore så heldige å få kjøpe Forthun Turiststasjon, noko som var utslagsgjevande for at me tok steget og flytta attende til Fortun. Målet vårt er å føre drifta av denne unike plassen i Fortun vidare, med overnatting, god mat og drikke, flott natur og unike opplevingar knytt til fjellsport, jakt og fiske. I år har me arbeidd med å pusse opp og sette mange saker og ting i stand, slik at Turiststasjonen skal få attende den glansen den fortener. Og om alt går etter planen skal me opne våren 2020.

Kva er det beste med å bu her?

Det er mykje som er godt med å bu i Luster: å sleppe å køyre 6 timer for

å besøke besteforeldre og familie, å sleppe å kaste bort tid på å stå i bilkø morgen og ettermiddag, nærleik til naturen, elva og fjella her i Fortun, og samhaldet og dugnadsanden i bygda vår. Og sist, men ikkje minst, måneskinnet og stjernehimmelen her ei klar vinternatt.

Kva kunne Luster vorte betre på?

Det Luster kanskje kan bli betre på er å sjå og utnytte alle dei naturlege ressursane me har her i kommunen, og å trekke veksel på dei moglegitene ny teknologi gir oss. Og å bli betre på å samarbeide om å få dette til, det er mykje ein kan få til saman, som ein ikkje klarar åleine.



NYE LUSTRINGAR

Familien Musoni

Fortel litt om dykk sjølve:
Marthe fortel at dei er ein fredfull familie på 6 personar. Ho vart fødd i Kongo, har 4 barn, og omtalar seg sjølv som sosial og gjestfri. Ho har jobba som lærer på barneskule og med behandling av damer som hadde sjukdomen HIV. I Uganda jobba ho som tolk.

Når kom de til Luster?

- Me kom til Luster 24. september.

Kva tenkjer de om å bu i Luster?
Luster er ein fin stad, og menneska her er hyggelege og vennlege.
 Me er trygge, har skulegang og



Francois Xavier Musoni, Marthe Nansengiyera og borna Baste Mutu, Kellie Musoni, Sylvie Musoni og Kevin Musoni.

er ikkje redde fattigdom og krig.
Me er takksame for å få gratis skulegang og for velkomsten me har fått.

Kva kan Luster bli betre på?
Kanskje fleire shoppingmøglegheiter. Også tilboda for kollektiv transport kan bli betre. Elles saknar me litt utval av afrikansk

mat.

Kva tenkjer de om framtida i Luster?

Etter me er ferdige med introduksjonsprogrammet, er me redd for at det kan bli vanskeleg å få jobb i Luster, men det er absolutt noko vi ønskjer. Om me får jobb, vil me gjerne bli verande i Luster.

Åslaug Hansegård og Erlend Gran

Fortel litt om dykk sjølve.
 Erlend Gran er 26 år og kjem frå Trondheim. Han er utdanna møbelsnikkar og har jobba med dette ei stund. Utanom likar han godt å vera på tur, pusle med diverse trearbeid og bygger for tida ein kano. Åslaug Hansegård er 31 år og kjem frå Øystre Slidre. Ho er utdanna lærar og geograf, og har jobba nokre år som lærar heime i Valdres. Ho er også glad i friluftsliv.

Kvifor kom de til Luster?
 Erlend flytte til Luster fordi han fekk sjansen til å jobbe på Ornes båtbyggeri, som er ein spanande og gunstig arbeidsplass ein får rom til å utvikle

seg på. Etter eit år med helgependling mellom Valdres og Sogn, blei det huskjøp på Ornes, og Erlend kom flyttande. Avgjerdsla mi om å flytte vart endå enklare då eg fekk kremjobb i Jostedalen - dagleg leiar på Breheim-senteret.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Det beste med å bu i Luster er at her har ein alt - både høgfjell, fjord og frukt. Det er flott å bu ein plass med eigen frukthage og utsyn mot Molden.

Kva kan Luster bli betre på?

Luster er ein fin kommune å bu i - men fleire ferjeavgangar, særleg på vinteren, hadde gjort tilværet her endå betre, og Sørsida meir attraktiv!



Nytt frå planavdelinga i Luster kommun

På slutten av kvart år, i samband med budsjettarbeidet, vedtek kommunestyret eit planleggingsprogram som viser kva planar Luster kommune skal utarbeida i året som kjem. Mange av desse oppgåvene fell inn under eininga Plan. Planleggingsprogrammet finn du på heimesida til kommunen under Planar og vidare under Budsjett, økonomiplan og planprogram.

Arealdelen av kommuneplanen og krav om nye flaumsonekart
Våren 2019 gjekk mykje av tida til revisjon av arealdelen i kommuneplanen. Arealdelen vart handsama og vedteken i Luster kommunestyre 13. juni i K-sak 36/19. Eit anna viktig planarbeid denne våren som ikkje stod i planleggingsprogrammet, var omregulering av Grandmo busenter. For å kunne bygge her stilte NVE krav om utarbeiding av nye flaumsonekart for Gaupne. Desse vart utarbeida av Cowi og levert kommunen i midten av



Ny busslomme på Nes.

juni. Dei nye flaumsonekarta visste at bygget måtte hevast 25 cm over det som opphavleg var planlagt. Dei nye flaumsonekarta skal ut på www.kommunekart.com, men det står att noko arbeid før dei kan sjåast der. Det som ligg på kommunekart no er dei gamle flaumsonekarta. Konklusjonen er at heile Gaupne er meir flaumutsatt enn før grunna klimaendringar og at det ved nybygg vert stilt krav til heving av byggegrunn. På sikt må det vurderast kva som kan gjerast for å sikre sentrum

mot Jostedøla nord for gamlebrua .

Andre reguleringsplanar

Neshøgdi vart vinteren 2018/19 omregulert for å få ei litt anna løysing for busslommer og gangveg langs fylkesveg 55 til bustadfeltet enn det som var regulert. Ny plan vart vedteken i kommunestyret 7. februar i K-sak 4/2019. Arbeidet med bygging av busslommene starta kort tid etter vedtak og desse er no nesten ferdigstilte. Arbeidet



2 reguleringsplanar er under handsaming i Solvorn. Kaiområde og badeplass, og tilkomst og parkering ved kyrkja. Foto frå ein





Planar

- [Kommuneplan](#)
- [Reguleringsplanar](#)
- [Kommunale planar](#)
- [Planar under arbeid](#)
- [Budsjett, økonomiplan og planprogram](#)
- [Forvaltningsplanar for verneområde](#)

Planar under arbeid

Plannamn Plan-ID	Oppstart Innspelfrist	Høyring Merknadsfrist	Kunngjering Klagefrist
Privat reguleringsplan Lustraporten Plan-ID 2018001	02.10.19		
Botn, Hafslø Plan-ID 2016004		25.05.19	06.07.18
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032, revisjon	01.05.19	30.09.19	
Solvorn kyrkje Plan-ID 2016001	23.02.19		
Galden Nord Plan-ID 2017004	23.02.19	17.08.19	
Solvorn kaiområde og badeplass Plan-ID 2018005	15.10.18	20.05.19	
Grandmo busenter Plan-ID 2018004	20.08.18	26.01.19	26.10.19

Bruk retten din til å kome med innspel og uttale deg om planar som er under arbeid. Sjå oversikta på heimesida: Planar under arbeid.

med å regulera sentrumsområdet på Gjerde i Jostedalen held fram. Her er butikken og hotellet to viktige brikker for å få gode løysingar der.

Solvorn

Arbeidet med å utarbeide ei

trafikkanalyse for aksen Galden-Solvorn-Ornes-Skjolden har starta opp. Omregulering av kaiområdet pluss regulering av badeplassen i Solvorn skal opp til 2. gongs handsaming i plan- og forvaltningsutvalet før jul og vidare til kommunestyret for endleg vedtak. Det har ein måttå vente på marinarkeologiske registreringar. Desse kom i midten av oktober og det vart ikkje gjort funn som stoppa arbeidet med planen. Det er meldt oppstart av reguleringsplan rundt kyrkja i Solvorn for å få betra tilkomst og samstundes utvida parkeringsplassen. Også her har ein venta på arkeologisk registrering. Svar på denne kom i andre halvdel av oktober og det er heller ikkje her gjort funn som stoppar vidare planlegging i området. Arbeidet med å omregulera Galden nord er i sluttfasen. Dette arbeidet starta opp då det har vore gjort/gitt om lag 40 endringar og dis-

pensasjonar etter at denne planen vart vedteken første gong for 32 år sidan.

For reguleringsplanar under arbeid så finn du ei fullstendig oversikt over desse på kommunen si heimeside. Det er laga ein tabell der som viser alle fristar for innsending av innspel og merknader og for vedtak og frist for å klage. Det er viktig å fylgje desse fristane dersom du vil at di meining skal verta høyrd.

Andre planoppgåver

Arbeidet med å få eit komplett, digitalt planregister i kommunen er eit omfattande arbeid. Luster kommune har fått digitalisert dei gamle reguleringsplanane som berre eksisterte i papirform og desse er no å sjå på www.kommunekart.com. Same stad finn du også planomtale, føresegner og andre viktige plandomument som hører til planen. Framleis manglar nokre planar



flott sommardag i Solvorn.



Rune Kjærland er starta som ingenør på oppmålingsavdelinga.



Knut Vidar Svanheld er ny plansjef i kommunen.

og alle eldre dispensasjonar i planregisteret. Det vert arbeida med å heile tida ha eit oppdatert planregister. Det er utarbeida framlegg til Strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde, noko som er ei oppfølging av kommuneplanen

sin samfunnsdel. Det er etablert ein Kommunal transportplan for Luster. Hovudansvar for arbeidet med denne har vore eininga Eigedom. Kommunedelplan for kulturminne er under revisjon. Arbeidet er i sluttfasen no. Det vert arbeida med å oppgradere

uteområdet på Hafslo omsorgsenter for å få eit fint og trygt område for avdelinga med demente. For tida ser ein også på trafikkløysingar og parkering ved Gaupne omsorgssenter. Dette er arbeid som vil halde fram i vinter. Kommunedelplan for trafikktrygging skulle hatt hovudrevisjon i 2019, men dette arbeidet må utsetjast til 2020. Andre oppgåver som står for tur er oppstart av omregulering av Bruflat treningsfelt i Gaupne, strekninga Dale sentrum til Døsen, utviding av bustadområdet Lundshaugen på Indre Hafslo og områdeplan for Hafslo sentrum.

Private reguleringsplanar

Luster kommune har ikkje oversikt over kva private reguleringsplanar som er under arbeid. I år har det vore ei mindre privat omregulering på Høyheim. Denne vart vedteken av kommunestyret i møte 13. juni i K-sak 35/19. Nokre planar er omfattande og har lang sakshandsaming. Ein av desse er den private reguleringsplanen for bustadfelt Botn på Hafslo. Den vart vedteken i kommunestyret 13. juni i K-sak 34/19. Også der er arbeidet med å opparbeida feltet godt i gang. I september vart det meldt oppstart for ein ny privat reguleringsplan for Lustraporten på Hafslo.

Bemanninga ved eininga

Arne I Lerum slutta som plansjef hausten 2019, men er framleis tilknytta eininga ei stund til, men då med redusert stillingsheime. Ny plansjef Knut Vidar Svanheld tok til i plansjefstillinga denne hausten, og vil vera i 100% stilling frå nyttår. Plan hadde ein traineestilling som vart avslutta midt på sommaren. På oppmåling har det vore litt varierande bemanning grunna byte av tilsette og på byggesak har det også vore både utskifting og pappapermisjon.

Heggmyrane

– eit område med stor aktivitet


Sogn Skisenter på Heggmyrane i Hafslo er eit av dei største anlegga for vinteridrett i Sogn og Fjordane. I tillegg til skianlegg ligg det store hyttefelt i området.

Skianlegget har to lange skitrekk, Sognaheisen og Modvoheisen og alpinbakkar med fleire ulike trasear. I tillegg er det 13 kilometer med langrennsløyper – 5 kilometer av desse med lys. Her har me samla litt historie og fakta som gjeld skianlegget og hytteområda rundt.


Det heile starta på 70-talet
Arbeidet med å etablere eit skisenter på Heggmyrane starta midt på 1970-talet og skisenteret vart først omtala i kommunale planar frå 1979. Heggmyrane skisenter AS vart skipa med lokale idrettslag og kommunen som største aksjonærar. Arbeidet med dei første langrennsløypene starta i 1983 og fire år seinare vart alpinanlegget og lysløypa for langrenn opna.

Den fyrste arealplanen for området kom på 90-talet

I kommuneplanen frå 1991 er skitrekk, alpinløype og eit område for servicebygg og parkering vist i planen. I 1995 vert den fyrste reguleringsplanen for området godkjent. I tillegg til areal til skianlegget er det også regulert eit område på ca. 15 daa for utleigehytter tett inn til servicebygget. Same år vert det vedteke ein utbyggingsplan for hytter på gnr. 153/22. Dette området på 16 daa ligg rett vest for der Modvovegen startar.



Siste reguleringsplan for Heggmyrane skisenter.



Utsnitt frå gjeldande kommuneplan frå 2015 som viser arealbruken i området og kvar dei ulike planane ligg.



Den nye sykkelloypa som er under opparbeiding.

Planen gir plass til 9 hytter og er framleis gjeldande. I 1997 vert det laga utbyggingsplan for Hamragåta hyttefelt. Hamragåta ligg i nærområdet til skianlegget, men på motsett side av fylkesvegen. Feltet har plass til 18 hytter. Heggmyrane skisenter AS vert same år omskipa til Sogn Skisenter BA. Dette året vert også det fine servicebygget ført opp.

Aktiviteten i området aukar i åra 1999-2013

Det kjem innspel om fleire hyttefelt, etablering av eit 9-hols golfanlegg og utviding av skiområdet med bl.a. eit nytt skitrekk og skileikanlegg. Med bakgrunn i desse innspela vedtek kommunestyret at det skal utarbeidast ny reguleringsplan for området. Den nye planen vart vedteken i 2004. Planen viser skisenteret med trekk og alpinbakke, langrennsløype i området rundt servicebygget, eit stort område vert sett av til golf, eksisterande område for utleigehytter vert vidareført og det vert sett av eit nytt 50 daa stort område for

hytter mellom Modvovegen og det flate myrområdet på Heggmyrane. Eit lite område for golf vert opparbeida, men interessa for golf dabbar av. I 2007 vert det godkjent ny plan for Hamragåta hyttefelt. Området går frå utleigehytter til 17 vanlege hyttetomter.

Det vert utarbeida detaljreguleringsplan for Heggmyrane hytteområde som vart godkjent i 2008. Planen viser ca. 40 hytter og leiligheter. Same år vert Solsida hyttefelt godkjent som eigen plan. Dette området ligg på oversida av Heggmyrane hytteområde og Modvovegen. Området har plass til ca. 40 nye hytter og leilegheiter.

I den reviderte kommuneplanen vedteken i 2008 vert det bandlagt eit område på 3800 daa på oversida av gjeldande reguleringsplan. Formålet med bandlegginga er krav om regulering for skaktivitetar og hyttebygging i området det etablerte skisenteret. I planen står det at skianlegget skal ha førsteprioritet ved vidareutvikling i området. I 2014 vart

det vedteke plan for ein ny skiheis på Heggmyrane; Modvoheisen. Masterplan for Heggmyrane Grunneigarane i området går saman og startar å utarbeide ein masterplan for Heggmyrane. Masterplanen viser store område for framtidige hyttefelt og det er eit håp om 500 hytter i området. Saman med dei andre hyttefelta i området er det no sett av 2.000 daa for hytter i nærområdet rundt Sogn skisenter. Planen er ikkje en plan handsama etter plan- og bygningslova og er difor ikkje juridisk bindande slik den føreligg. I 2011 vedtek kommunestyret at den føreslegne arealbruken i masterplanen skal leggjast til grunn ved neste revidering av arealdelen i kommuneplanen.

Nye planar for Heggmyrane skisenter og områda rundt

Sogn skisenter ynskjer å styrke skisenteret med fleire tilbod for ulike brukargrupper. Det er ikkje lenger aktuelt med golf i området. Dei engasjerer konsulent for å utarbeide ein detaljplan for



Skiheisen og deler av bakken.

framtidig utvikling av senteret. Som ein konsekvens av dette melder Luster kommune oppstart av ny reguleringsplan for Heggmyrane skisenter. Avgrensinga av planområdet er ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan så arbeidet med ny plan startar som ein områdeplan som skal avklare arealbruken i området. Detaljplanen som skisenteret får utarbeida er ferdig i 2015 og vert lagt til grunn for den nye reguleringsplanen for området.

Arbeidet med å revidere arealdelen i kommuneplanen startar opp og planen vert godkjent i 2015. Grunna tidlegare føringar om at skisenteret skal ha 1. prioritet i området vert område for hytter i masterplanen som ligg aust for eksisterande skitrekke ikkje innarbeida i den nye kommuneplanen. Men planen tek inn alle hytteområda i masterplanen som

ligg vest for skitrekket, til saman 1.200 daa med nye hytteområde. Reguleringsplanen vert utarbeida i samsvar med revidert kommuneplan og etter fleire høyringsrundar der bl.a. framlegg om område for skiskyting vert trekt ut av planen, godkjennar kommunestyret planen desember 2017. Denne tredje reguleringsplanen for Heggmyrane skisenter omfattar alpinanlegg, ny nedfartsløype frå Modvoheisen, langrennsløyper, skistadion og for sommarbruk vert det rulleskiløype og sykkelløype. Status på skisenteret og hyttefelt Skisenteret jobbar vidare med å bygge ut skiløyper, skitrekk og sykkelløyper. Det vart i 2012 skrevet avtale mellom Luster kommune og Hamragåta hyttefelt om anleggsbidrag og kommunal overtaking av fellesanlegg for vatn og kloakk fram til feltet.

I 2017 vart det skreve tilsvarende avtale med Solsida hyttefelt. Luster kommune har lagt felles vatn-, kloakk- og overvassleidninga fram til hyttefeltet, 250 meter opp Modvovegen, med avtale om at hyttefeltet ferdigstiller denne delen av vegen. Feltet er no under opparbeiding, men det er ikkje sett dato for når feltet er ferdig opparbeida og byggjeklart. Hytter/tomter langs Modvovegen som vil kople seg på det kommunale anlegget, har fått tilbod om dette. Andre hyttefelt i dette regulerte området vil, dersom det vert søkt om det, få tilsvarende tilbod frå kommunen som gjeld opparbeiding av felles infrastruktur. Sogn Skisenter arbeider med å få på plass nye grunneigarvtalar i samsvar med den nye reguleringsplanen for skisenteret.

Oversikt over gjeldande planar for området:

Nr. i kart	Vedteken år
1	1995
2	2007
3	2008
4	2008
5	2017
6	2014
7	2015

Plannamn og type plan:

- Gbnr. 153/22 – privat utbyggingsplan
- Hamragåta hyttefelt – privat reguleringsplan
- Solsida hyttefelt – privat reguleringsplan
- Heggmyrane hytteområde – privat reguleringsplan
- Heggmyrane – sentrale deler - reguleringsplan
- Modvoheisen - reguleringsplan
- Kommuneplanen - arealdelen

Opprusting av Dale sentrum

Dale sentrum har fått eit løft i 2020. Forholda for gåande/syklande, men og andre trafikantar er vorte betre. For å få plass til fortauet måtte muren kring gravplassen flyttast inn, og ein hekk lenger inne måtte fjernast. Resultatet etter opprustinga er fint. Arbeidet har gått bra sjølv om det har teke noko tid. Det vart mykje ekstraarbeid i grunn med gamle vassrøyr/holveiter og kablar som me ikkje var klar over. Hovedentreprenør har vore Br. Lomheim AS, og dei har gjort godt arbeid. Opprustinga er gjort med kommunale løyingar, og med tilskot frå fylkeskommunen (trafikktrygging-smidlar) på noko av prosjektet.



Ved gravplassen i Dale har det kome nytt gangfelt og mur. Dale sentrum har fått eit løft!

Det er bygt:


- Fortau frå Lustrabui til krysset opp til barnehagen
- Heva gangfelt ved Lustrabui/Joker
- Busslomme for turistbussar
- Nokre nye parkeringsplassar
- Nytt veglys på heile strekningen
- Ny drenering for overvatnet
- Noko arbeid på vass- og avløpsnettet
- Ny mur kring gravplassen

Nytt om vatn og avlaup

Det har vore eit aktivt år innanfor vatn og avlaup med fleire prosjekt. Det er bygd tre nye pumpestasjonar, på Skjolden, i Grindane og på Grandmo.

Nye Dale vassverk er starta opp. Det har vore jobba med framföring av kommunalt vatn til Moane og nye kloakkanlegg på Veitastrond. Det vert ny gangveg og forsterka infrastruktur i samband med den private utbygginga i Botn.

Det kjem òg ei ny forskrift for va-gebyr. Høyringsfristen er ute og forskrifta vert forhåpentlegvis vedteken i kommunestyret før jul og vil vere gjeldande frå 01.01.2020.



Styringsstasjon for nye Dale vassverk ligg i Bringebakkane.

Munthehuset

som kultursenter for framtidige kunstnarar og kulturinteresserte

Stiftinga Munthehuset i Ytre Kroken er samansett av repr. for Universitetet i Bergen, fam. Munthe, Luster kommune og 1-3 repr. valde på fritt grunnlag. Styreleiar er Arnt Munthe og kommunen er representert ved Per Jørgen Loen. Føremålet til stiftinga er å utvikla Munthehuset i Kroken som møteplass for kunst og kultur.

Har de hausta erfaringar i år som skapar større optimisme for framtida, Arnt Munthe?

Erfaringane med aktivitetane i sommar har vore svært gode. På Sagen medverka med ei større Flintoe-utstilling i høve 200 års markeringa av Johannes Flintoe sitt første besøk i Kroken. Dette formidla både kunnskap og opplevelingar over fleire dagar som gav oss optimisme i forhold til eit vidare engasjement. Han har i kraft av sine interesser og samlingar av kunst av Flintoe skapt større optimisme også rundt Munthehuset si rolle som eit senter for norsk kunst- og kulturliv. Skipinga av «Munthehuset sine venner» og planen om å utvide kapasiteten ved Munthehuset med omsyn til overnatting er også «framtidsmusikk» for oss.

Korleis vurderer stiftinga framidsutsiktene for Kultursenteret i Kroken?

Stiftinga Munthehuset har store forventningar til at samarbeidet med ei «venneforeining» skal gje frukter i form av både fleire arrangement og eit meir regelmessig tilsyn med eigedomen. Av prosjekt som det no vert arbeida med er det viktig å koma vidare med det arbeidet som Flintoe har stått bak i form av dekoren på takmåleria. Denne dekoren skal etter våre informasjonar finnast på Bygdøy kongsgard og



Kongesalen på Munthehuset er med på å fortelja ei spennande historie både om dei som budde her, men også om kongelege gjester som kronprins Carl XV og Oscar II. Særleg lystig er historia om då kronprins Carl uventa kom til Kroken for å besøke gamle-læraren sin «Store-Kaftein» Gerhard Munthe, noko som skal ha ført til at Gerhard ga kronprinsen ei skikkeleg overhaling fordi han ikkje hadde varsla at han kom.



Takmåleria i Munthehuset kan førast attende til Johannes Flintoe og hans måte å lage dekor på. Truleg er det berre på Munthehuset og på Bygdøy kongsgard at kunsten hans framleis kan opplevast. Ei breiare framstilling av historia om kunstnarane i Kroken kan du lesa om i Luster lokalhistorisk årbok nr. 3

i Munthehuset. Dette vert dokumentert i form av korrespondansen mellom Gerhard Munthe og Johannes Flintoe i perioden 1828 – 1853. Takmåleria kan restaurerast i 2020 med støtte frå Kulturminnefondet.

Korleis kan publikum få tilgang til Munthehuset?

Erfaringane med å halda ope hus i Munthehuset kan oppsummerast med at «det kostar meir enn det smakar». I praksis betyr dette at det må gjerast avtalar på førehand. Huset har vorte nyttta

både til mindre arrangement, slektsstemne og konfirmasjon, men me har merka oss at turistar og folk som meir tilfeldig ferdast på «sørsida» spør etter omvising og ein kaffikopp...

Dette tilbodet er avhengig av korleis vår kapasitet for drift og vertskapsrollen utviklar seg. For dei som har idear om å drive anlegget, eller er interesserte i denne type tenester så kan stiftinga kontaktast anten direkte til styremedlemar eller på portalen til Munthehuset sine venner på FB.

Wittgenstein-huset er opna og interessa lever internasjonalt...



Den store internasjonale interessa for opninga av Wittgenstein-huset er representert her ved ambassdør Wilhelm Maximilian Donko frå den Austerikske ambassaden i midten og Radmila Schweitzer frå Wittgenstein Initiative i Wien. Bak W. Donko står Rune J Falch som er Universitet i Bergen sin representant i styret for stiftinga.

Styremedlem i stiftinga Wittgenstein i Skjolden (SWIS), Trygve Martinussen, «har stått på» som prosjektansvarleg for atterisinga av Wittgenstein-huset på Skjolden, og Lustranytt har stilt han spørsmålet – er målet nådd? Stiftinga sitt føremål var å markere den 20. juni i år, nøyaktig på dagen 5 år etter at Stiftinga Wittgenstein i Skjolden vart etablert, med fullføringa av eit kulturprosjekt av betydeleg internasjonal dimensjon. Dagen avspeglia på mange vis det litt typiske for prosjektet, at interessa for Wittgenstein, og også huset, har vore stort frå tilreisande frå inn- og utland. I etterkant har me også fått stadfesta denne store internasjonale interessa. Det har vore talrike reportasjar i dagsaviser, fagtidsskrift, i kommersielle reisemagasin og i TV. At verdas kanskje leiande økonomiske organ, Financial Times, publiserer nær ei heilside reportasje

og «reklame for Luster», syner dimensjonen.

Korleis har interessa for å oppleve huset vore i sommar? Etter ferdigstilling har huset vore godt oppsøkt via sjølvbetjening med «nykkjel» lagt ut på Vassbakken Camping og til sist på nærbutikken på Skjolden. I innspurten fekk me heldigvis, overraskande for oss sjølv, også på plass møblering nær nok til slik me trur at huset i sin enkle form var innreia, m.a. med tre autentiske, restaurerte møblar: Senga, stovebenken og eit kråskåp, alle merka med messingskilt med namn på rause gjevarar. På FINN fann me òg, lukkelegvis, eit skrivebord i Bærum nær identisk med originalen.

Framover blir det å håpe at det lokale eigarskapet til Wittgenstein-huset blir styrka, ikkje berre for skjoldingane men for heile

Luster. Huset, og historia om filosofen som fann sin tankevekkande arbeidsplass her i Luster, må vernast om som eit kulturminne på linje med Urnes-kyrkja. Blikket frå omverda ser ofte tydlegare det unike: Opplevinga av vegen opp, huset i seg sjølv, stemninga innomhus og utsikten frå altanen blir av mange skildra euforisk i gjesteboka.

Ein av journalistane seier det slik i sin reportasje: «The building itself is beautiful, and its site is “glorious”, commanding a vista almost as “towering” as his achievements». Skjønar me dette - - ? Kanskje meir utfyllande ved å sitere den komplekse filosofen sjølv, eit allmennmenneskeleg uttrykk ved han me alle kan forstå: «The aspects of things that are most important for us are hidden, because of their simplicity and familiarity». Større forståing av filosofien vil stiftinga prøve å tydeleggjera, også i framtidia.



Elever frå Skjolden oppvekstsenter fekk det ærefulle oppdraget å markere opninga saman med m.a. repr. for riksantikvaren Linda Veiby og statssekretær Sveinung Rotevatn.

Dette som ein del av arbeidet me forplikta oss til då me formulerte føremåla for SWiS, som m.a. «å medverka til lokal verdiskaping».

Men engasjementet frå kunstnarar har også kome synleg til overflata?

Ja, faktisk har det skjedd mykje på det planet også. Når so Lustra-entusiasten Marianne Heske, som einaste norske kunstnar innkjøpt på Pusjkinmuseet i Moskva sidan Edvard Munch, sler til med båtprosjektet sitt, knytta til bodskap frå Wittgenstein, kan ikkje SWiS og Luster få betre reklame. Ho og det berga båtvaket fekk omtale i meir enn 20 aviser på kontinentet + eige program i riksdekkande tysk TV eit innslag du kan sjå ved å logge deg på nettadressa:
<https://www.zdf.de/kultur/aspakte/wittgensteins-boot-kuens-tlerin-marianne-heske-102.html>

Arbeidet for oss i stiftinga var ikkje berre å flytta eit lite hus. Totalprosjektet omfatta bygging av erstatningshus for familien som



Harald Vatne er styremedl. i stiftinga og har erfaring med guiding i «Østerrike». Her er ei gruppe som fekk guidning den 23. juni av Harald Vatne t.h. Til Lustranytt fortel Harald at han i sommar har guida høgskulen Innlandet, Financial Times og seminar deltakarar. 74 personar har betalt for lån av nøkkel til huset og i tillegg til dei som var tilstades på opningsdagen meiner han at meir enn to hundre personar har vore oppe ved /i huset.

avgå huset, utbetring av tilkomsten opp til huset, reetablering av vassforsyning-vinsjen, skjul/utredo, tiltak langs stien, møblering av huset, skilting/informasjon og ny båt på Eidsvatnet.

Det var sikkert delte meininger blant lusteringar, om kommunen skulle bruke midlar eller ikkje til slike «nisjetiltak», for dei få «spesielt interesserte» inni Skjolden. Det er difor gledeleg no, å kunne

dokumentere, at heile bidraget frå kommunen blir attendebetalt allereie i prosjektperioden. Dette ved direkte attendeføring av skatteinntekter og i indirekte skatt via materialsal, arrangement og auka turisme. So kan ein naturlegvis stille seg det filosofiske kontrollspørsmålet: «har det skjedd ei verdiskaping» og kva med «medverknad» framover?

40 år på verdsarvlista - kva no...?

Urnæs stavkyrkje vart innlemma som objekt nr 79 på UNESCO si verdsarvliste for 40 år sidan, og vart den første norske innskrivininga. Den gongen gjekk dette dei aller fleste hus forbi, men i år vart dette feira på høveleg vis den 22/6 med statsråd Ola Elvestuen til stades. Det me òg kan feire i år er at me fekk autorisasjon for det komande verdsarvsenteret. Dette inneber eit klarsignal frå staten om at dei vil medverke til å realisere eit verdssenter på Ornes. Det er alt avklara at Fortidsminneforeninga skal eige og drifte senteret, og foreininga vil om kort tid be om å få starte reguleringsplanprosessen for å finne staden på Ornes der denne bygningen skal reisast.

Det komande verdsarvsenteret skal bli ein arena for formidling, ikkje berre om kulturarv og kyrkja, men og om naturarv. Dei er alle uerstattelege kjelder til kunnskap, dei gjer oss informasjon om kven vi er og kvar vi kjem i frå. Kunnskap me må ta vare på og gje vidare til komande generasjonar.

Besøkstalet på Ornes har endra seg mykje på 40 år, frå nokre få tusen besökande i året til godt over 20.000. Dette merkast godt og gjev oss samstundes utfordringer. Det er difor viktig for oss å jobbe for ein berekraftig turisme, som er til gagn for både kyrkja, bygda og regionen. For utan bygda og lokalsamfunnet hadde det ikkje vore verdsarvverdiar å forvalte.

Ved å byggje eit senter håper me at me òg kan gje meir attende til lokalsamfunnet. Det skal ikkje berre vere eit senter for kyrkja og dei mange besökande, men også ei storstove for dei som bur på Ornes.

Ingebjørg Storvik
(Dagleg leiar Urnæs stavkyrkje)



Klima- og miljøminister Ola Elvestuen føretok den offisielle avdukinga av minnetavla som fortel om den innskrivinga på Unesco si Verdsarvliste. Varaordførar og leiar i verdsarvrådet Marit Aakre Tennø hjelper til.

Jon E Tamnes
(Dagleg leiar Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane)



«Slik var det ikkje den gong då eg var ung og aktiv på fridrettsbanen» fortel Harald Bruflat til leiar i I.L.Bjørn, Bjørn Tore Årøy

Meir fysisk aktivitet

er tittelen på ein ny handlingsplan i tilknyting til den kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032. Planen er delt inn i 3 delmål: tilrettelegging, tilgang og kunnskap.

Føremålet med ei konkretisering av kommunen sin handlingsplan er todelt: først og fremst ei oppfylging av kommunestyret sitt vedtak om «målet med folkehelsearbeidet» i Luster kommune. Men i tillegg skal denne handlingsplanen prioritere tiltak som kommunen meiner vil vera særleg viktige m.o.t. å skape meir fysisk aktivitet i alle dei anlegga inkl. naturen som kommunen vår har å by på. For området tilrettelegging peikar planen på utbetringar av parkeringsplassar ved turutgangspunkta: Feigum, Berge i Luster, Tungestølen på Veitastrand og Mørkridsdalen i Skjolden.


For området tilgang har planen valt å prioritere sentrumsnære turvegar på Skjolden, Høyheimsvik, Gaupne og på Hafslo. For området kunnskap peikar planen på lokal kompetanseheving om fysisk aktivitet i fag-team ved skulane. Men handlingsplanen inneholder også fleire konkrete tiltak som vert prioriterte for realisering i samarbeid med ulike partar som t.d. frivillige organisasjonar. Tilskot til friluftstiltak, som er ei av fleire tilskotsordningar under reglement for tilskot til kulturføremål, vert for komande fireårsperiode prioritert i samsvar med denne handlingsplanen.



Harald viser stolt fram diplom for prestasjonane sine på sonestemna i fridrett i 1955.

Lustranytt har møtt kulturprisvinnaren frå 2001, Harald Bruflat, som - tru da eller ei - har ei «kort» karriere som friidrettsutøvar bak seg... «Det som var vårt tilbod, i den tida eg vaks opp, kan vanskelig skildrast betre enn den gongen i 1955 då eg stilte på Gaupne idrettsbane (der som Statkraft sine bygningar står i dag) i tøysko med 2 mm sole, kortbroki som eg arva etter ein 6 år eldre bror og ei skjorte som det stod GIL på. Bana me sprang 100 m på var kun meldt «på lengdi», mest grus, men av og til ein grøne flekk, humrar Harald.

Me var ein kameratflokk på ca. 10-15 som møtte opp når det ein gong skjedde noko her i bygda, og eg hugsar godt sonestemna i 1955, for der fekk eg diplom. Pådrivarar her i bygda var han Henrik Røneid og Trygve Molland, men noko form for organisert trening var det ikkje utanom det som skjedde i fotball. Eg prøvde meg på alle øvingar, og fekk «godkjent» 3,80 m i lengde og 13,4 sek. på 100-meter med god hjelp av medvinden frå Dalen... Eg vart nr. 2 på 100-meter og i lengde, men kven va da so slo meg?» - det vil Harald gjerne få veta.



Illustrasjonen syner plasseringa av anlegga på Leirmoøygarden. Knattekross og Enduro er planen å få bygt ferdig i 2020, medan Motorcross C er prioritert i handlingsplanen i 2023.

Motorsportanlegget

Lustranytt har registrert at planen for eit anleggsarbeid på Leirmoøygarden er i gang, Kjell Arne Stegegjerdet?

Ja, motorsportgruppa i IL Bjørn er i sluttfasen med søknadsprosessen til spelemidlar for første byggjetrinn ved Sogn motorsportsenter på Leirmoøygarden. Finansieringa gjennom spelemiddel-ordninga set krav til ca ein tredjedel eigeninnsats av totalkostnaden for omsøkte prosjekt. Denne eigeninnsatsen er mykje dugnad i form av skogrydding og maskinkøyring, tillegg til ca kr 90 000 i eigne midlar. Første byggjetrinn er Knattecross og Enduro i tillegg til å få på plass «tilkomst» og depot. Målet med fyrste byggjetrinn er å koma raskt i gang med aktivitet og å ha eit tilbod til alle alderstrinn.

Søkjer bilete
frå dagleglivet
i krigsåra



*Sogn og Fjordane fylkesarkiv.
Hafslo, 1940. Frå arkivet etter Per Tang. Frå venstre: Olina Johanna Tang f. 1899, Stine Ellingsen og Sverre Sviggum. Stine var tene-
stjente i Tang og Sverre var dreng.
Lina var sjukepleiar i Oslo og er
heime på ferie.*

Luster bibliotek er så heldig å ha fått midlar frå Fritt Ord til i april 2020 å markere at det er 75 år sidan fredsvåren 1945. Prosjektet, med tittel «I krigens kjølvatn», inneholder fleire delar. Det skal vere forfattarbesøk, litteraturformidling, samtale og debatt i bibliotek og ungdomsskular. Vi har invitert lokale tidsvitne til å fortelje, og vi håpar å kunne produsere ei utstilling, basert på folk sine eigne bilete, tekne i kommunane Luster, Jostedal og Hafslo. Utstillinga kan også vise ulike gjenstandar frå tida; klede, reiskap o.a. Målet er å lage ei utstilling som også kan visast andre stader i kommunen i etterkant av arrangementet i biblioteket.

Om du har noko du vil bidra med, ta kontakt på telefon eller epost: 57 68 56 52, bibliotek@luster.kommune.no



Ny lastebil ved teknisk drift

Norsk Scania Førde har levert: Scania G500 6x2*4NB med kran Palfinger PK18502 og tippkasse Sørling med utstyr til Luster kommune Teknisk drift.



Lustrabadet tilbyr ny runde med kurs Baby- og småbarnssymjing

Babysymjing nybyrjarkurs:

Tysdag 21, 28 januar 4 og 25 februar og 3, 10 og 17 mars

Nybyrjar 3-6 mnd: 10.00 - 10.30

Nybyrjar 6 - 12 mnd: 10.30 - 11.00

Det vert 8 kursdagar med babysymjing, tidspunkt kan bli justert etter påmelding

Målet med babysymjing er å gjere barna trygge i og under vatn. Det bidreg til å utvikle barnet både motorisk og sosialt.

Babysymjing vidaregåande:

Onsdag 22. og 29. januar 5, 12 og 26 februar 4, 11, 18 mars

Vidaregåande 6 - 12 mnd: 16.30 - 17.00

Vidaregåande 12- 18 mnd: 17.00- 17.30

Småbarnssymjing:

Onsdag 22. og 29. januar 5., 12 og 26 februar 4, 11, 18 mars

Alder 3- 4 år: 17.30 - 18.00

Alder 4 - 5 år: 18.00 - 18.30

Det vert 8 kurkveldar med babysymjing, tidspunkt kan bli justert etter påmelding

Målet med småbarnssymjing/vasstilvenning er ikkje å lære å symje, men meistringskjensle, glede, tryggleik og ferdigheter i vatn.

Kurset er i varmebassenget som held 34 grader. Før ein startar på kurset, kan de gradvis venne babyen til ein badetemperatur mot 34 grader. Prøv aldri å dykke barnet heime eller i bassenget utan kyndig rettleiar tilstades!

Me tilrår å bruke badebukser på babyen då det er lettare og sjå om han/ho har "gjort i buksa" enn om ein bruker eingongsbadebleie. Då minskar det òg sjansen for uhell i bassenget. Slike har me for sal i badebutikken

Me ønskjer at barnet er min. 3 mnd og/eller 4 kg.

For påmelding:

<http://lustrabadet.no/baby-smabarnssymjing/>



Lustrabadet - opningstider jul & nyttår

Fredag 20. des:	12.00-20.30
Laurdag 21. des:	10.00-17.00
Søndag 22. des:	10.00-17.00
Vetle julaftan:	Julestengt
Julaftan:	Julestengt
1.juledag:	Julestengt
2.juledag:	10.00-17.00
Fredag 27. des:	10.00-17.00
Laurdag 28. des:	10.00-17.00
Søndag 29. des:	10.00-17.00
Måndag 30.des	10.00-17.00
Nyttårsaftan:	10.00-16.00 NB!
1. nyttårsdag:	10.00-17.00
2. januar:	12.00-20.30

Bli medlem i Luster pensjonistlag

Luster pensjonistlag er medlem av Pensjonistforbundet, som er ein partipolitisk uavhengig, landsomfattande organisasjon for alle som tek imot pensjon. Pensjonistforbundet skal ta vare på dei økonomiske, helsepolitiske, sosiale og kulturelle interessene til medlemmene.

Pensjonistforbundet engasjerer seg i saker som er viktig for pensjonistane og dei uføretrygda i landet. Blant dei sakene som har høg prioriteten, er å auke minstepensjon, få forhandlingsrett i pensjonistoppgjæret, og ved lønsoppgjæret få auke i pensjonen som er lik lønsveksten. Oppgjæret for pensjonistar er i dag mindre enn lønsveksten.

Ei utrekning for pensjon på 300 000 kroner viser at med ein lønsvekst på 3%, skulle ny pensjon bli 309 000 kroner. Men det er eit politisk vedtak på at auken for pensjonistane skal regulerast til 0,75% av lønsveksten. Det betyr at det vert ei underregulering på 2317 kroner. Denne reduksjonen vert forsterka for kvart år, for grunnbeløpet for neste år vert det reelle påleggat.

«Leve heile livet»

Luster pensjonistlag har møte siste fredagen i kvar månad, med unntak av juli og august. På møta har me ofte tema som er aktuelle for pensjonistar. Frå departementet er det sett krav til kommunane om kvalitetsreform: «Leve heile livet».

Reforma skal gå over fleire år, og har som mål å gjera livet betre for eldre menneske. Tilsette i kommunen har på møta våre orientert om reforma og tenester eldre kan gjera seg nytte av. I tillegg har me alltid eit kulturelt innslag, bevertning og loddosal.

65 + kurs

for bilførar har pensjonistlaget arrangert dei siste åra. Det er Sogn og Fjordane pensjonistlag som tildeler kursa, og me reknar med nytt kurs til våren. Me har samarbeid med lokallaga i Sogndal, Leikanger og Årdal. Sist sommar vart det arrangert tur til Stavanger (Flod og fjære) saman med Sogndal - og Leikanger pensjonistlag, og Leikanger arrangerte haustmøte på Sognefjord hotell. Neste år er det Luster sin tur.

20. juni hadde me besøk av Årdal pensjonistlag til felles arrangement i Parken. Det møtte 180 pensjonistar. Det



Luster pensjonistlag, styret. Bak frå venstre: Bjørn Larsen, Malvin Moe, Jan Arne Nystuen. Framme frå venstre: Else-Marie Kalhagen, Marit Kruhaug og Astrid Høgi

var undrehaldning, servering og dans. Dette er eit arrangement som går på omgang, så neste år er det Årdal sin tur. Eit tiltak som vert godt omtykt av medlemmene.

Bli medlem

Pensjonistforbundet har 250 000 medlemmer. Luster pensjonistlag har 150 medlemmer. Det er viktig å auke medlemstalet. Truleg må det fleire medlemmer til for å få forhandlingsrett og slutt på underregulering av pensjonen. Som pensjonist er du velkommen til å bli medlem. Kontakt ein frå styret, så vil det bli ordna.

Luster pensjonistlag, styret.

Returadresse:
Luster kommune,
Rådhusvegen 1
N-6868 Gaupne
Noreg/Norway



Du kan opprette din digitale postkasse via Norge.no, og opne og ha med deg posten din der du vil, når du vil.

Hugsar du å opne di digitale postkasse?

Luster kommune sender mykje post digitalt. Målet er å auka effektiviteten i sakshandsaminga, redusera papirforbruk, redusera CO2-utslepp knytt til transport, og å minska kostnadane.

Mange har i det siste valt å opprette ei digital postkasse, Digipost eller e-Boks. Når du får brev i din digitale postkasse, får du varsel på e-post eller SMS. Du får ikkje posten på papir, og er med på å bidra til mindre utslepp, svinn, tidsbruk og kostnadar for både dei som sender posten og deg sjølv. Dersom du mottek posten din i Altinn, og ikkje opnar den i løpet av 40 timer, kjem den på papir i postkassa di. Om du ikkje har digital postkasse, kan du lese om og opprette det på Norge.no. Me ser at det er fleire elektroniske dokument me har sendt som mottakar ikkje har opna. Me oppmodar deg som har digital postkasse om å opne breva du får i tilsendt digitalt.



Engadalsvegen. Foto: Ellen Pauline Borch.



LUSTRA^{nytt}

Nr. 2 - 2019

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen avslutta 11. november 2019.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Redaksjonen si adresse: Luster kommune, Lustranytt, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: H.M. Dronning Sonja opnar den nye Tungestølen turisthytte 6. september 2019, flankert av leiaren i Veitastrand Bygdelag, Asbjørn Nes t.v. og leiaren i Luster Turlag, Ole Schanke Eikum. Foto: Erling Kvalsøren.

Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unntak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT	Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården	Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP (Veg/vatn/kloakk).	Mob. 48 10 21 20
NAV Luster	Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann	Tlf. 110
Vakthavande brannbefal	Mob.: 41 65 94 40
Politi/Lensmann	Tlf. 112
Ambulanse	Tlf. 113

